

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2019

177. rekneskapsår



Hovudtrekk i rekneskapen (morbok) for 2019

Voss Sparebank, 176 år i teneste for Vossabygda!

Året 2019 vart eit nytt godt år for Voss Sparebank. Resultatet til banken speglar eit lokalsamfunn i vekst og der næringslivet går godt. Rentenivået i Noreg har vore stigande i 2019, då Noregs Bank auka styringsrenta fire gonger frå august 2018 til september 2019 med tilsaman 1 %-poeng. Renteendringane kom etter eit historiske lågt rentenivå i Noreg, med ei styringsrente som i lengre tid var 0,5 %. Rådveldekapitalen til Voss Sparebank var ved utgangen av 2019 på kr 5,010 mrd. medrekna kr 207 mill. overført til bustadkredittføretak. Kompetente og engasjerte tilsette, god kostnadskontroll og konkurransedyktige vilkår over tid gjev god verdiskaping for både kundar, banken og Vossabygda.

Hovudtal for 2019:

- kr 65,5 mill. kr i driftsresultat.
- kr 49,1 mill. i årsresultat etter skatt.
- Kostnadar/inntekt-tal på 43,7 %
- Rein eigenkapital på 27,1 % av risikovekta balanse, 15,4 % på ikkje-vekta balanse.
- Voss Sparebank er ein stor skattytar. For rekneskapsåret 2019 er skattekostnaden 16,4 mill. kr. I tillegg kjem om lag kr 1 mill. kr betalt i finansskatt.

Resultat i mill. kr:	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter	98,2	88,9	87,2	85,6	75,3	75,1
Netto andre driftsinntekter	17,3	11,8	10,5	22,3	9,5	10,2
Sum driftsinntekter	115,5	100,8	97,7	107,9	84,8	85,2
Driftskostnader	49,2	48,1	45,2	45,9	47,1	51,0
Driftsresultat før tap	66,4	52,6	52,6	62,1	37,7	34,2
Nedskrivningar og tap på utlån	0,8	0,3	4,795	4,7	2,7	4,2
Nedskrivning og tap/vinst verdipapir og anleggsmidlar	0,0	2,3	0,0	1,8	-0,4	6,2
Resultat før skatt	65,5	54,6	47,8	55,5	34,7	36,2
Skatt	16,4	13,4	12,5	13,1	10,3	10,0
Overskot	49,1	41,2	35,3	42,4	24,4	26,2
Resultat i prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital:	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Netto renteinntekter	2,11	2,03	2,09	2,14	1,91	2,07
Netto andre driftsinntekter	0,37	0,27	0,25	0,56	0,24	0,28
Sum driftsinntekter	2,49	2,30	2,34	2,69	2,16	2,35
Driftskostnader	1,06	1,10	1,08	1,15	1,20	1,41
Driftsresultat før tap	1,43	1,20	1,26	1,55	0,96	0,94
Nedskrivningar og tap på utlån	0,02	0,01	0,11	0,12	0,07	0,12
Nedskrivning og tap/vinst verdipapir og anleggsmidlar	0	0,05	0	0,04	-0,01	0,17
Resultat før skatt	1,41	1,25	1,15	1,39	0,88	1,00
Skatt	0,35	0,31	0,3	0,33	0,26	0,28
Overskot	1,06	0,94	0,85	1,06	0,62	0,72
Nykjeltal:	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Rådveldekapital	4.802,8	4.542,8	4.340,4	4.006,4	4.024,8	3.757,7
Brutto utlån til kundar	4.167,8	3.911,4	3.797,7	3.408,7	3.140,0	2.994,4
Brutto utlån til kundar inkl. Verd bustadkredit	4.374,7	4.143,4	3.824,8			
Innskot frå kundar	3.709,4	3.497,6	3.384,0	3.228,2	3.287,8	3.044,5
Eigenkapital (rein kjernekapital)	762	717	680	648	607	584
Uvekta kjernekapitalandel (leverage ratio)	15,4	15,2	15,3	15,6	14,1	
Eigenkapital i prosent av risikovekta balanse (kapitaldekning)	27,1	25,3	25,7	27,1	25,3	26,7
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	9,1	8,0	7,4	9,1	5,9	6,5
LCR (krav til 100 % frå 31.12.2017)	258	235	127	171	220	262
Lån overført til Verd bustadkredit	207,2	232,0	27,2			
Årsverk (gjennomsnittleg)	26,2	25,6	25,1	25,4	26,8	26,5
Kostnader i % av inntekter, eksklusive kursendringar verdipapir	43,7	47,9	46,6	46,2	55,7	60,3

VOSS SPAREBANK – FOR KUNDANE OG LOKALSAMFUNNET I 176 år!

Styret har glede av å leggja fram ein god rekneskap for året 2019, med eit overskot etter tap og skatt på kr 49,1 mill. Det gode resultatet er fyrst og fremst eit produkt av låge tap, god kostnadskontroll, gode utbytte frå eigarskap i andre finansinstitusjonar og fin utvikling i rentenettoen. Utviklinga til Voss Sparebank er nær knytt til både dei økonomiske tilhøva i hovudmarknaden til banken og til den generelle økonomiske utviklinga i landet. Voss Sparebank har hovudmarknaden på Voss og i nærliggjande område. Det er framleis god aktivitet i områda våre, og det speglar seg i banken.

Heilt sidan starten i 1843 har Voss Sparebank vore Vossabygda sin eigen bank, Vossabanken. Banken er ein tradisjonell bygdabank, som ikkje har eksterne eigarar. Det er Vossabygda som eig banken, og det er bygda og dei områda der banken er aktiv som skal ha avkastinga av den verdiskapinga banken gjev. Ingen investorar får utbytte frå banken, det er berre lokale lag og foreiningar som tek i mot ålmenne gåver eller sponsormidlar frå banken. På det viset vil eit kundeforhold med Voss Sparebank ikkje berre gje deg konkurransedyktige vilkår og gode tenester, men også skapa meirverdiar for deg sjølv og dine nærmaste. Banken vil i endå større mon enn tidlegare nyte seg av dette og gje attende til gode formål i lokalsamfunnet på Voss og i omland. Me skal samstundes vera konkurransedyktige på pris og vilkår over tid mot dei aktørane me naturleg tevlar med.

Det er rekneskapstala for morbanken som er omtala i årsmeldinga. Vesentlege tal for konsernrekneskapen er kommenterte. Konsernrekneskapen omfattar Voss Sparebank (mor) og datterselskapa Voss Invest AS og Voss Sparebank Eigedom AS.

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for bankar m.m. og etter god rekneskapskikk. I samsvar med rekneskapslova stadfestar styret at grunnlaget for vidare drift er til stades og at rekneskapen er sett opp under denne føresetnaden. Etter styret si mening, gjev årsrekneskapen og årsmeldinga rett oversikt over gjelda og eignelutane til banken, den finansielle stillingen og resultatet.

ØKONOMISKE TILHØVE

LOKALMARKNADEN

Det er framleis vekst i lokalmarknaden vår. Folketalet er i svak auke, og til å vera innlandskommune på Vestlandet må det seiast å vera svært positivt. Frå 01. januar 2020 er Voss eit nytt herad, der Granvin er komen saman med Voss. Dette styrkjer oss ytterlegare. Voss har teke posisjon som eit naturleg regionalt senter for indre Hordaland dei seinaste åra. I dag er Voss eit naturleg handelsenter og arbeidsmarknad for store delar av indre Hordaland, indre delar av Sogn og indre Hardanger. Dette er ein sterk region med noko av det beste ein har å tilby innan natur, turisme og opplevelingar. Dette skapar mykje arbeid og verdiar for lokalområda våre. Ein reknar med at Voss og nærområda har omlag 2.000 årsverk i reiselivsnæringar, og ein årleg omsetnad på nær kr 3,0 mrd. Skal me halda på dette som eit attraktivt område for reiseliv og turisme treng me spreidd busetnad og levande bygdesamfunn. Voss Sparebank er svært oppteken av å gjera Voss og omland til ein endå betre plass å bu og leva. Eit attraktivt bumingjø ute i distrikta og sentralt på Voss er då avgjерande. Me ynskjer vidare å yta til lokal skaparkraft og til at nye verksemder vert skipa, slik at bygda har interessante arbeidsplassar å tilby både no i framtida. Landbruket står sentralt i å halda bygdene levande, og Voss er Hordaland si største jordbruksbygd. Sjølv om talet på aktive bruk har minska kraftig dei siste tiåra, vert det investert store summar i landbruket og produksjonsmengda er aukande. Voss Sparebank er glad det er investeringsvilje i landbruket og støttar opp om mange nye prosjekt innan modernisering av landbrukseigedom.

Nasjonale forhold og internasjonal økonomi

Norsk økonomi har klart seg rimeleg godt i 2019. BNP-veksten for Fastlands-Noreg enda i fylgje Noregs Bank på 2,6 prosent, ein oppgang på om lag 0,2 %-poeng frå 2018. Arbeidsløysa har flata ut på om lag 2,2 % (NAV), medan AKU-tal syner eit nivå på 3,6% av arbeidsstyrken. Veksten i bustadprisar har utvikla seg moderat gjennom 2019, og gjeldsveksten til norske hushald vart noko redusert, men er framleis høgare enn veksten i inntekt. Soleis steig gjeldsbelastinga til hushalda vidare.

Internasjonalt har det vore eit uroleg år, med handelskrig mellom Kina og USA, uro i Midtausten og stort fokus på Brexit og konsekvensar knytt til Storbritannia si utmelding av EU. Fleire av våre nærmeste land har hatt negative renter, i eit forsøk på å skapa aukande økonomisk aktivitet. Det er samstundes høg statsgjeld i fleire europeiske

land og store handelsunderskot. Dette kombinert med store utfordringar knytt til pensjonssistema aukar faren for meir sosial uro.

Næringslivet på Voss – ein viktig del av hovudmarknaden vår

Voss Sparebank er ein relativt stor aktør innan finansiering av lokalt næringsliv med om lag kr 1,1 mrd i utlån, kredittar og garantiar ved årsskiftet. Banken speglar på mange vis det som er rundt oss i bygda og soleis har banken typisk utlån til dei næringar som er store i bygda; reiseliv, landbruk, bygg og anlegg, osv.

Etter fleire år med store enkelprosjekt i områda våre, har 2019 vore meir eit normalår. Knutepunktet rundt Voss stasjon er ferdigstilt, og gondolbana har vore i drift i om lag seks månadar. Det er framleis høgt hyttesal på Voss, og Vossabygda er no den fremste hyttekommunen i Vestland fylke med om lag 3.200 einingar. I 2019 har banken mellom anna vore sentrale i finansieringa av eit nytt byggjetrin i Herres-/Skutlesåsen, med 49 nye einingar i tilknyting til Voss Ski- og Tursenter.

Samfunnsaktivitetar - litt om mangfaldet vårt

Den viktigaste oppgåva til Voss Sparebank er å driva banken på ein god måte og soleis skapa verdi for lokalsamfunnet. Å gjera Voss til ein endå betre stad å bu og leva, er soleis eit hovudmål for banken. Me engasjerer oss difor mykje i utviklinga av lokalsamfunnet. Voss Sparebank skal vera framtidsretta med sunn vekst, godt kapitalisert, sjølvstendig og forankra i visjonen om å vera Vossabygda sitt fyrsteval innan bank og banktenester.

Frivillige lag, kulturlivet, bedrifter og menneske som bur og verkar i lokalmiljøet har behov for ein aktiv lokalbank som bryr seg og skapar verdiar for kundane og samfunnet. Ved støtte til lag og frivillige organisasjonar prioriterer me aktivitetar til barn og unge som har verdi over tid, skapar aktivitet og vert utført med frivillig innsats.

Lags- og organisasjonslivet i bygda fekk i 2018 over kr 4,0 mill. i ålmennytige gåver, og om lag kr 1,0 mnok i sponsorstønad og støtteannonsering. Midlane er fordelte mellom over 100 lag og organisasjonar. Banken sitt styre har også valt å setja av 4,0 mill av resutatet for 2019 til slike gode føremål. Desse midlane, saman med sponsormidlar på om lag 1,0 mill vil koma bygda til gode gjennom året 2020. Me veit at støtta kjem godt med og skapar grobotn for auka aktivitet og engasjement. Mellom anna gav banken kr 1,0 mill. til Vangskyrkja i høve arbeidet med å brannsikra kyrkja.

Det omfattande dugnadsmiljøet me har på Voss, er med å marknadsføra og setja bygda på kartet på ein svært positiv måte, langt ut over eigne kommune- og landegrenser. For å stø opp om eldsjelene, som er viktige for å oppretthalda kultur- og friluftsmangfaldet vårt, stifta Voss Sparebank eldsjelprisen i 2008. For 2019 var det Hedvig Røhnebæk som vart tidelt prisen. Ein høgst verdig vinnar, etter solid innsats for Voss Skulemusikk. Eldsjelprisen er på 50.000 kr, og vert delt likt mellom eldsjela og laget.

SAMFUNNSANSVAR OG ENGASJEMENT

Samfunnsansvar for Voss Sparebank er å ta del i ei berekraftig utvikling. Mellom anna stiller banken krav til kontroll av leverandørar, fremjar økonomisk kompetanse og er med i arbeidet mot økonomisk kriminalitet. Banken er i tillegg sertifisert som miljøfyrtaarn. Utøving av samfunnsansvar og høg etisk standard ligg til grunn for produkt og tenester i Voss Sparebank. Banken støttar og respekterer vern om internasjonalt godkjende menneskerettar, legg vekt på miljøvern, arbeidstakrettar, sosiale rettar i forretningsstrategiane, i den daglege drifta og i forholdet til interessentar. Finansnæringa er, gjennom lover og reglar, pålagde å arbeida mot kvitvasking og terrorfinansiering. Det gjer me mellom anna gjennom etterleving av kvitvaskingsforskrifta. Banken er her pålagd å avklara mistenkjelege transaksjonar og gjennomføra kundekontroll etter prinsippet «kjenn kunden din». Mistenkjelege transaksjonar vert rapporterte til Økokrim. Gjennom 2019 har det vore eit større arbeid i det norske bankvesenet knytt til legitimering av bankkundar. Voss Sparebank har gjennom hausten 2019 arbeidt mykje med å få kundar innom med gyldig legitimasjon, slik at regelverket er oppfylt etter den presiseringa som kom i frå styresmaktene våren 2019.

Bærekraft og miljø

Voss Sparebank har hatt fokus på miljøtiltak over fleire år og vart sertifisert som miljøfyrtaarn i 2013. Banken ynskjer å arbeida for ei omstillinga mot eit samfunn med mindre karbonutslepp, og ta sin del av ansvaret. Me kan gjera mykje internt, ved å spara energi, minimera bruk av flyreiser, kjøp av CO2-kvotar osv. Samstundes vil me

påverka kundane våre til å tenka miljøvenleg og fremja «grøne prosjekt». Framtidige krav til norske bankar vil krevja at me klassifiserer kundane etter miljøavtrykk, og finansieringskostandane og kapitalkostnadane vil vera funksjonar av dette.

Nynorskbanken

Voss Sparebank er stolt brukar av nynorsk, og ynskjer å vera bank for dei som er medvitne språk og er opptekne av nynorsk. Me nyttar nynorsk i all vår eigen kommunikasjon mot kundane våre, og me freistar å oversetja mest mogleg av den kommunikasjonen som andre utviklar for oss. Voss Sparebank vart tildelt målprisen for 2019 frå Voss Mållag.

Informasjon om personleg økonomi i vidaregåande skulane

Dei vidaregåande skulane og Voss Sparebank har gjennom fleire år samarbeidd godt for å gje skuleungdomen betre kunnskap om personleg økonomi. Personleg økonomi er meir enn tal og reknestykke og gjev relevant kompetanse knytt til fleire skulefag.

SAMARBEIDSPARTNARAR - kundane får alle finansielle tenester på same staden

Gjennom samarbeidspartnarar leverer me gode totalprodukt innan betalingsformidling, forsikring, sparing og plassering, kredittkort og objektfinansiering. Voss Sparebank får årlege provisjonsinntekter for formidla sal.

Kundane gjev positive tilbakemeldingar og synest det er enkelt og lettvint å få ordna alle tenestene på same staden.

Dei Samarbeidande Sparebankane (DSS)

Samarbeidet i DSS er viktig for Voss Sparebank i ei stadig meir kompleks og digitalisert bankverd. Deltakarar er ni bankar: Etne Sparebank, Flekkefjord Sparebank, Haugesund Sparebank, Lillesand Sparebank, Luster Sparebank, Skudenesh & Aakra Sparebank, Spareskillingsbanken, Søgne og Greipstad Sparebank og Voss Sparebank. Ved etablering av ny IT-avtale med Evry frå 1.1.2016 vart DSS-bankane samde om å styrkja samarbeidet på fleire område. I tillegg til å vera ressurs for bankane på IT og digitalisering, vert det svært viktig å sikra maksimal effekt frå tredjepartar gjennom felles innkjøpssamarbeid, felles forretningsutvikling, byggja og dela kompetanse og redusera nøkkelpersonrisikoar. Administrasjonen i DSS held til i Haugesund og utgjer no 5,6 årsverk.

Finans Norge

Organisasjonen representerer heile finansnæringa i Noreg og tek vare på både det næringspolitiske og arbeidsgjermessige samarbeidet. FNO har om lag 100 medarbeidarar med høg kompetanse på ulike fagområde.

Frende Forsikring - Frende Livsforsikring AS og Frende Skadeforsikring AS

Voss Sparebank sel forsikringsprodukt for Frende Forsikring, og eig 0,72 % av holdingsselskapet. Hovudkontoret ligg i Bergen. Eigarbankane er Sparebanken Vest, Fana Sparebank, Sparebanken Øst, Helgeland Sparebank, Sparebanken Sør og Sparebanken Sogn og Fjordane og dessutan alle ni DSS-bankane.

Frende tilbyr Voss Sparebank gode forsikringsprodukt innan både liv- og skadeforsikring, både til privat- og bedriftsmarknaden. Me opplever at kundane våre er svært tilfreds med produkta og ikkje minst den raske responsida til Frende ved skade og skadeoppgjer!

Frende har opp gjennom åra kome svært godt ut i fleire forsikringstestar utført av ulike media. Selskapet har fokus på å levera gode forsikringar til konkurransedyktige vilkår. Frende er eitt av selskapa som veks mest i landet. I tillegg er Frende Skadeforsikring heilt i toppen i uavhengige undersøkingar om kundetilfredsheit i forsikringsbransjen som vert gjennomført av EPSI-Norge. Selskapet har høgast kundelojalitet og kjem ut mellom dei beste selskapa på reiseforsikring og skadeoppgjer. Frende Holding AS fekk i 2019 eit resultat før skatt på kr 401 mill. mot tilsvarande kr 44 mill. i 2018. Den store auken sidan i fjar skuldast kraftig betring av det

forsikringstekniske resultatet i skadeselskapet etter eit krevjande 2018, kombinert med eit historisk godt risikoresultat i livselskapet og svært god finansavkastning.

Brage Finans AS

Voss Sparebank formidlar objektsfinansiering og lån med salspant for Brage Finans. Selskapet har hovudkontor i Bergen og er eigd av 12 solide sparebankar. Voss Sparebank eig om lag 2,18 % av selskapet. Selskapet vart etablert i oktober 2010. Resultatet før skatt enda på kr 168 mill. i 2019, mot tilsvarende kr 94 mill. i 2018. Selskapet er framleis i ein oppbyggingsfase og betalar ikkje utbytte enno.

Eiendomskreditt AS og Kredittforeningen for Sparebanker AS

Eiendomskreditt AS og datterselskapet Kredittforeningen for Sparebanker AS, er ein samarbeidspartner som kan nyttast til deling av større låneengasjement, fastrentelån og til innlån av pengar. Voss Sparebank eig 3,64 % av Eiendomskreditt AS. Selskapet har kontor i Bergen og har mange mindre bankar på eigarsida. Resultatet for 2019 var kr 79,9 mill., mot tilsvarende kr 70,8 mill. i 2018.

Norne Securities AS

Voss Sparebank er agent for verdipapirføretaket Norne Securities AS. Norne er eit fullservice verdipapirføretak som tilbyr internethandel, tradisjonelle meklartenester og corporate finance tenester. Selskapet vart etablert med hovudkontor i Bergen 2008 og er det einaste fullservice verdipapirføretaket i Noreg med hovudkontor utanfor Oslo. Norne er eigd av 14 sparebankar. Voss Sparebank har 1,73 % av aksjekapitalen. Gjennom Norne får kundane tilbod om å handla aksjar eller andre verdipapir gjennom nettbankløysing, eller gjennom meklarbordet til Norne.

Balder Betaling AS

Balder Betaling er «Frende-bankane» sitt eigarselskap i Vipps AS. Balder betaling AS eig 12 % av Vipps AS. Voss Sparebank eig 1,17 % av Balder Betaling AS.

Verd Boligkreditt AS

Verd Boligkreditt er eit kredittføretak som legg ut obligasjonar med førerrett. Soleis nyttar dei bustadlån som trygd når dei legg ut obligasjonar i marknaden. Selskapet finansierar soleis eigarbankane på ein god måte og rimeleg måte. Selskapet har hovudsete i Bergen. Voss Sparebank vart i 2017 medeigar i selskapet og eig pr. utgangen av 2019 2,44 % av selskapet. Banken nyttar seg av Verd når ein skal henta inn ny finansiering.

EnterCard

Voss Sparebank sel kreditt- og firmakort for EnterCard.

Fondsselskap

I 2017 vart Norne ny leverandør av fondshandelsløysing for Voss Sparebank. Dette har gjort at banken no kan tilby eit rikare utval av fond- og spareprodukt enn tidligare år.

Evry AS

Etter ein grundig strategiprosess i regi av DSS, inngjekk Voss Sparebank ny avtale med Evry om tenestebaserte leveransar for perioden 2016-2020. I desember 2019 slo Evry seg saman med det finske IT-selskapet Tieto, og Evry er no TietoEvry. DSS-bankane forhandla fram ein ny femårsavtale med Evry og signerte denne i desember 2019. TietoEvry er den største leverandøren av IT-tenester til bank i Norden, og sikrar Voss Sparebank moderne dataløysingar på alle område. Den nye avtalen gir banken tilgang til gode IT-løysingar som er langt framme når det gjeld effektiv og solid bankdrift, automatiserte prosessar og stor grad av sjølvbetening heile døgeret. Gode analyse- og hjelpeverktøy gjer banken i stand til å tilby kundane rette produkt og samstundes hjelpa banken i å oppretthalda gode relasjoner til kundane. IT er ein stor årleg kostnad for banken, men gode og framtidsretta IT-løysingar er avgjeraende for effektiv drift.

RESULTAT OG BALANSE 2019

Resultat


Driftsresultatet før tap og skatt vart 66,4 mill. kr mot 52,6 mill. kr året før. Etter avsetjing av 16,4 mill. kr til skatt og 0,8 mill. kr i tap, er overskotet på 49,1 mill. kr, eller 1,06 % av gjennomsnittleg rådveldekapital (41,2 mill. kr / 0,94 % i 2018).

Rentenettoen vart 98,2 mill. kr (88,9 mill. kr i 2018), som er 2,11 % av gjennomsnittleg rådveldekapital (2,03 % i 2018). Netto andre driftsinntekter vart 17,3 mill. kr (11,8 mill. kr i 2018). Samla driftsinntekter vart dermed 115,5 mill. kr (100,7 mill. kr i 2018).

Driftskostnadene enda på 49,2 mill. kr / 1,06 % av gjennomsnitt rådveldekapital (48,1 mill. kr / 1,10 % i 2018). I prosent av samla inntekter, ekskl. kursvinstar på verdipapir, utgjorde kostnadene på 43,7 % av inntektene (47,9 % i 2018), godt under middelverdien for bankane i landet.

Nedskrivingar på utlån er kostnadsførte med 0,8 mill. kr (0,3 mill. kr i 2018).

Etter avsetjing av 16,4 mill. kr i skatt (13,4 mill. kr i 2018) vart overskotet på 49,1 mill. kr (41,2 mill. kr i 2018).



Konsernresultat

Dei største endringane i konsernresultatet i høve til morbanken er at renteinntektene vert reduserte med 1,96 mill. kr som datterselskapet Voss Sparebank Eigedom AS har betalt i renter for lån i morbanken, samstundes som avskrivinger av eigedomen med driftsutstyr på 1,7 mill. kr og driftskostnader for eigedomen på 0,84 mill. kr kjem inn i konsernrekneskapen. Husleigekostnaden til morbanken på 4,5 mill. kr går ut av konsernrekneskapen. I tillegg er det nokre mindre inntekts- og utgiftspostar. Overskotet er det same som i morbanken.

Styret rår til at overskotet for rekneskapsåret på 49,119 mill. kr vert nytta slik:

Overført til gåver	kr	4.000.000
<u>Overført til sparebankfondet</u>	kr	<u>45.119.106</u>

<u>Disponert til saman</u>	kr	<u>49.119.106</u>
----------------------------	----	-------------------

Banken har eit gávefond på 10,5 mill. kr pr. 31.12.2019. Den samla eigenkapitalen til banken pr. 31.12.2019 er 762,1 mill. kr etter tilførsel av overskotet for 2019. Teljande ansvarleg kapital, som i sin heilskap er rein kjernekapital, er pr. 31.12.2019 på 746,1 mill. kr etter frådrag av kr 16,0 mill. kr pga. eigarinteresser i finansinstitusjonar og utsett skattefordel.

Finansskatt på løn og overskot

I tråd med skatteforliket vart det frå 2017 innført ein finansskatt på 5 % av løn. I tillegg får ikkje finansnæringa redusert selskapsskatten, slik andre næringar får nyta godt av. Konsekvensen av auka arbeidsgjevaravgift er at arbeidsintensive lokalbankar vert straffa, medan store bankar kjem unna denne skatten ved å setja ut tenester og eller generell nedbemannning. I høve utanlandske bankar, med hovudkontor utanfor landet, er ordninga sterkt konkurransevridande. Voss Sparebank har forståing for målet med finansskatten der ein vil korrigera for manglende meirverdi-avgift på finansielle tenester, men skatten burde vore gjennomført på ein meir rettferdig måte. Skatten utgjer om lag 1 mill. kr for Voss Sparebank i 2019.

BALANSE – INNSKOT, UTLÅN, OBLIGASJONAR, FOND OG AKSJAR

Rådveldekapital

Styret i Voss Sparebank er godt nøgd med marknadsutviklinga til banken. Veksten kjem av stabile tilhøve i lokalmarkanden og god underliggende bankdrift. God service, kompetente rådgjevarar og konkurransedyktige prisar er hovudgrunnen til den positive utviklinga over fleire år.


Ved utgangen av 2019 var rådveldekapitalen i morbanken på 4,802 mrd. kr, mot 4,543 mrd. kr i 2018. Tek ein med lån overført til bustadkredittføretak var rådveldekapitalen 5,010 mrd. kr mot 4,775 mrd. kr i 2018.

Innskot – vekst i innskot, trass lågt rentenivå i Norge

Innskota frå personkundane auka med 190 mill. kr (7,1 %) til 2.865 mill. kr medan bedriftsinnskota auka med 21,6 mill. kr (2,6 %) til 844,0 mill. kr. Samla innskot var ved utgangen av året på 3.709 mill. kr som utgjer 89,0 % av brutto utlån.

Utlån - god vekst i utlåna, spesielt til privatmarknaden

Brutto utlån til kundar auka med 231 mill. kr (5,58 %) til 4,375 mill. kr inkl. lån som er flytta til bustadkredittføretaket Verd. Utlån til personkundar vaks med 183,0 mill. kr (5,95 %). Utlån til næring vaks med 48,2 mill. kr (4,53 %) til 1.113 mill. kr. Utlånsvolumet fordeler seg med 73,3 % til personkundar og 26,7 % til næring. Lånet til datterselskapet Voss Sparebank Eigedom AS var på 47,1 mill. kr og er inkludert i tala, men vert utlikna i konsernrekneskapen. Sjå meir informasjon under kreditrisiko og note 2.



Nedskrivningar på utlån

I resultatrekneskapen er 0,8 mill. kr kostnadsført som netto tap og nedskrivningar på utlån og garantiar, mot 0,3 mill. kr i 2018. Omlag 0,15 mill. kr er konstanterte tap på utlån som tidlegare var nedskrivne i rekneskapen. Til saman har Voss Sparebank no 43 mill. kr i samla nedskrivningar til å møta framtidige tap i utlåna. Dette er fordelt med 20,5 mill. kr i individuelle nedskrivningar og 22,5 mill. kr i gruppenedskrivningar. Desse nedskrivningane var ved årsskifte på om lag 1,03 % av brutto utlån, ned frå 1,09 % frå året før.

Styret føler seg trygg på at nedskrivingane på utlåna er tilstrekkelege ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Sjå note 2h.

Obligasjoner, rentefond og aksjar

Banken har strenge krav til finansplasseringane som i stor grad vert gjort i andre bankar, i bustadkredittføretak (OMF), i forsikring og i store kraftselskap. Fullmakta frå styret gjev eksempelvis ikkje høve til plasseringar i skipsfart, eller oljerelaterte næringar.

Ved årsskiftet var 134,8 mill. kr plassert i obligasjoner og 91,3 mill. kr i aksjar og eigenkapitalbevis (ekskl. datterselskap). Sum aksjar og eigenkapitalbevis svarar til 1,90 % av rådveldekapitalen. Av denne summen utgjorde banken sine langsigtige aksjekjøp (anleggsaksjar) 91,3 mill. kr, dvs. banken hadde per 31.12.2019 ikkje kortsiktig aksjebehaldning. Marknadsvarden er 53,6 mill. kr høgare enn kostprisen. Sjå Note 4 b). Banken hadde ikkje rentefond ved årsskiftet.

Likviditet

Voss Sparebank har god likviditet. Innskotsdekninga var ved utgangen av 2019 på 89,0 % mot 89,4 % året før, om ein held utanfor lån som er overført til Verd. Tek ein med desse er innskotsdekninga 84,8 % mot 84,4 % i fjar. Likviditeten vert plassert i Noregs Bank, obligasjoner, rentefond og i korte utlån til andre bankar. Banken sine trekkrettar i Noregs Bank og i avrekningsbanken vart ikkje nytta i 2019. Sjå meir under likviditetsrisiko og note 7, og under «likviditetsrisiko».

Konsernbalanse

Voss Sparebank har to datterselskap, Voss Invest AS og Voss Sparebank Eigedom AS, som driv med utleige av fast eigedom og anna investeringsverksemder.


Voss Sparebank Eigedom AS eig bankbygget i Vangsgata 18. Bankeigedommen med teknisk utstyr er, etter avskriving på 1,7 mill. kr, bokført til 47,0 mill. kr i konsernbalansen. Voss Invest AS har bokført 1,6 mill. kr. i fast eigedom. Samla utgjer fast eigedom i konsernet 48,6 mill. kr. Konsernbalansen er redusert med lånet til selskapet som er på 47,1 mill. kr. Bokført verdi av investeringar i datterselskap på 7,4 mill. kr vert utlikna. Den einaste skilnaden på gjeldssida er innskota frå datterselskapet på 5,2 mill. kr som vert utlikna. I tillegg kjem skatteverknadene av endringane. Konsernet sin eigenkapital er etter dette lik morbanken sin eigenkapital.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har gjennom mange år med nøktern og god drift opparbeidd ein stor eigenkapital. Etter drifta i 2019 auka eigenkapitalen med 45,1 mill. til 762 mill. kr. Av eigenkapitalen er gåvefondet på 10,5 mill. kr. Heile eigenkapitalen til Voss Sparebank, inkludert gåvefondet, er rein kjernekapital (opptent eigenkapital). Teljande ansvarleg eigenkapital er pr. 31.12.2019 på 746,1 mill. kr etter frådrag på 16,0 mill. kr for eigarskap i finansinstitusjonar og utsett skattefordel.

Pr. 31.12.2019 vart Voss Sparebank kreditvurdert («kreditrating») til A av DnB Markets. Eigenkapitalen til Voss Sparebank utgjer ved årsskifte 15,4 % av ikkje-vekta balanse og 27,1 % av veka balanse. Dette er langt over kravet frå styresmaktene på 12,5 % i rein kjerne- og samla lovpålagt kapitalkrav på 16,0 %. Sjå note 6. Pr. 31.12.2019 er behovet for eigenkapital på 205,9 mill. kr i pilar I-krav for kreditrisiko, og 220 mill. kr inklusiv operasjonell risiko. I tillegg kjem 68,7 mill. kr i kapitalbevaringsbuffer, 82,5 mill. kr i systemrisikokapital og 68,7 mill. kr i motsylkisk kapitalbuffer. Dette gjev eit samla lovpålagt krav på 16 %, totalt 439,9 mill. kr. Banken har ikkje fengje eige pilar II-krav av Finanstilsynet, men reknar eit påslag på 53,1 mill. kr. Samla endar ein då på 493 mill. kr og soleis eit kapitaloverskot på 252,4 mill. kr pr. 31.12.2019.

I 2019 vart det innført eit redusert kapitalkrav på utlån til små og mellomstore bedrifter (SMB-rabatt). Ein stor del av banken sine bedriftsengasjement kjem inn under denne regelen, og endringa utgjorde ei betring på om lag 1,5 prosentpoeng på banken si kapitaldekning. Dette er meint som ein kompensasjon for auka systemrisikobuffer. For bankar av Voss Sparebank sin storleik vil auka krav til systemrisikobuffer gjelda frå utgangen av 2022, og auken utgjer 1,5 prosentpoeng frå gjeldande krav på 3,0 %.



Sjølv om verksemda til Voss Sparebank medfører at banken er eksponert mot ei rekke risikoar, vurderer styret den samla risikoeksponeringa til banken som låg/moderat. Styret har vedteke prinsipp for risikostyringa gjennom ulike styringsdokument. Risikotilhøva vert overvaka ved analysar av aktuelle risikoar, med kvartalsvis rapportering til styret. ICAAP-analysane vert oppdaterte ein gong i året. Dei dekkjer alle vesentlege aktivitetsområde og er ein integrert del av Voss Sparebank sitt kvalitetssikringssystem.

Vesentlege område i denne vurderinga er kredit-, marknads-, likviditets-, og operasjonell risiko.

Kreditrisiko

Kreditrisiko er risikoen for tap som fylgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylla pliktene sine. Kreditrisikoen er det største risikoområdet og vedkjem utlån/kredit, garantiar og verdipapirbehaldninga. Styring av kreditrisikoen skjer ved hjelp av kreditstrategi, fullmaktsystem, risikoklassifisering og andre fastsette retningslinjer frå styret.

73,3 % av alle utlåna er gjevne til hushald/lønstakarar. Det meste mot pant i bustad. All historikk i Voss Sparebank tilseier svært lite tap på personlån. Lån til næringslivet var på 26,7 % av brutto utlån og medfører større kreditrisiko. Det er difor nedfelt i kreditstrategien til Voss Sparebank at lån til næring berre skal ytast til verksemder i Voss kommune og i nabokommunane. Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som låg/moderat.

Overvaking skjer regelmessig ved gjennomgang av misleghald, overtrekk, økonomioppfølging av kundane og verdien på trygda.

Etter innføringa av nytt kreditsystem i slutten av 2013, vart engasjementa frå 2014 risikoklassifiserte etter betalingsevne og vilje (risiko for misleghald/PD) utan omsyn til trygd. Klassifiseringa er automatisk og skjer ved bruk av «scoremodell» levert av EVRY. Modellen predikerar sannsyn for misleghald i komande 12-månadarsperiode. Ved årsskiftet var 93,4 % av utlåna klassifiserte til låg eller moderat risiko for misleghald, mot 94,0 % i fjar. Engasjement med høgt sannsyn for misleghald er opp frå 4,0 % til 5,1 %, tapsutsett er ned frå 1,7 % til 1,5 % og engasjement ikkje klassifisert er ned frå 0,3 % til 0 %. Bedriftsengasjement med låg eller moderat sannsyn er siste året endra frå 84,2 % til 75,6 %. Bedriftsengasjement klassifisert med høgt sannsyn for misleghald er opp frå 11,5 % til 20,6 % og tapsutsett innan bedriftsmarknaden er ned frå 4,0 % til 3,8 %. Meir informasjon i note 2i.

Netto tapsutsette og misleghaldne engasjement var ved årsskiftet på 25,1 mill. kr mot 49,7 mill. kr året før. Dette utgjer om lag 0,60 % av brutto utlån, mot 1,27 % året før. Ved utgangen av året var dei individuelle nedskrivningane av utlån på 20,6 mill. kr mot 16,0 mill. kr året før, og gruppenedskrivningane på var på 22,5 mill. kr mot 26,6 mill. kr året før. Til saman er avsetjingane til å møta tap på utlån på 43,1 mill. kr mot 42,6 mill. kr for eit år sidan.

Kreditrisikoen i sertifikat- og obligasjonsbehaldninga på 135 mill. kr vert vurdert som relativt liten, sjølv om banken er tungt inne i finanssektoren. 5,0 mill. kr var plassert i ansvarleg lånekapital og 49,9 mill. kr i obligasjonslån til bankar, 49,7 mill. kr i OMF (obligasjonar med fortinnsrett), 30,0 mill. kr til offentleg sektor. Obligasjonsporteføljen er spreidd på 10 ulike obligasjonar, der største eksponering i eitt papir er 10,0 mill. kr. Kreditrisikoen av bankplasseringane har auka i og med innføring av reglar for krisehandtering av bankar. Note 3.

Voss Sparebank hadde ikkje andre store engasjement ved årsskiftet enn innskot i Noregs Bank og i avrekningsbanken vår, DnB. Eit engasjement er stort når det utgjer 10 % eller meir av eigenkapitalen til banken.

Med utgangspunkt i risikoklassifiseringar av engasjementa, vurderer styret risikoen i personmarknaden som låg og moderat for næringsmarknaden. Styret meiner dei samla nedskrivingane er tilstrekkelege til å dekkja kreditrisikoen i engasjementa. Note 2h/i.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko relaterte til rente-, valuta- og kursrisiko. Det samla marknadsrisikonivået er vurdert som tapspotensialet for aksjar, renter og valuta.

Rente- og kreditsprikrisiko

Renterisiko er eit resultat av at rentebindingstida på aktiva- og passivasida ikkje er samanfallande. Voss Sparebank er berre i mindre grad eksponert for renterisiko. Ved årsskiftet hadde banken 149,3 mill. kr i innskot med fastrente i eitt år og 136 mill. kr i lån med fastrente, 3,2 % av brutto utlån. Fastrentelåna er ikkje rentesikra, har ei løpetid på inntil fem år og ei snittrente godt over bustadrenta. Ved ein renteoppgang utgjer fastrentelåna den største renterisikoen. Ein renteoppgang på to prosentpoeng, vil med gjennomsnittleg restløpetid på 2,5 år utgjera om lag 6,8 mill. kr fram til forfall av låna. Renterisikoen på obligasjonsporteføljen var ved utgangen av året 0,3 mill. kr mot 0,4 mill. kr året før (ved ei renteendring på to prosentpoeng). Obligasjonsbeholdninga er også utsett for sprikrisiko. Ein gjennomsnittleg kredittvarigskap på to år og ein auke i kreditsprik i snitt på eitt prosentpoeng, vil utgjera om lag 2,0 mill. kr. Sjå meir i note 3a.

Aksjerisiko er marknadsrisiko knytt til posisjonar i eigenkapitalinstrument, inkludert derivat. Voss Sparebank har ikkje handel med opsjonar og derivat. Voss Sparebank har ikkje handelsportefølje av aksjar, eigenkapitalbevis eller aksjefond.

Valutarisiko er risikoen for tap når valutakursane endrar seg. Voss Sparebank har ikkje lån i valuta eller andre nemneverdige valutaposisjonar. All valutaomsetnad vert gjort som kommisjonær for valutabank. Kontantbeholdninga var ved årsskiftet på 0,8 mill. omgjort i norske kroner.

Likviditetsrisikoen til banken er låg. Ved årsskiftet utgjorde kundeinnskota 89,0 % av brutto utlån, mot 89,4 % året før om ein reknar med lån som er flytta til Verd Bustadkredit. Utlånsporteføljen til Voss Sparebank har forholdsvis lang nedbetalingstid, medan storparten av innskota frå kundar har ingen eller kort oppseiing. 149,3 mill. kr av innskota har fast rente i eitt år, 242,8 mill. kr har oppseiingstid på 3 månadar og 294,6 mill. kr har ein månads binding. Sjølv om Voss Sparebank har god likviditet, har ein nokre innlån i finansmarknaden. Banken har 100 mill. kr i to treårlån med forfall i 2020, kvar på 50 mill. kr. I tillegg rullerar banken eit kortsiktig tremånadarsertifikat på 100 mill. kr. I november 2018 tok Voss Sparebank opp eit treårs senior obligasjonslån, med forfall november 2021. Lånet er notert på Nordic ABM / Oslo Børs. Mykje av likviditeten vert lånt ut til andre finansinstitusjonar, plassert i obligasjonar, sertifikat eller i rentefond. Ved årsskiftet hadde Voss Sparebank 83,9 mill. kr i Noregs Bank og kontantar, og 338,4 mill. kr i utlån til og krav på finansinstitusjonar.

Store deler av obligasjons- og sertifikatporteføljen vert vurdert som lett omsetteleg, men obligasjonslåna til bankar har konsentrationsrisiko og vil ha svakare likviditet i urolege tider. I slike spesielle høve vil òg dei ansvarlege låna vera lite likvide til akseptabel kurs.

Risikoen for bråe svingingar i likviditeten er i tillegg sikra gjennom trekkrettar i Noregs Bank og DNB. Banken har ikkje nyttar seg av trekkrettane gjennom året.

Likviditetskravet Liquidity Coverage Ratio (LCR) var ved årsskiftet på 258 %. Kravet frå styresmaktene er 100 % frå og med 31.12.2017.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil, eller eksterne hendingar. Av risikoar som vert vurderte nærmare etter kapitalkravforskrifta, kan nemnast konsentrationsrisiko, geografisk risiko, omdømerisiko og strategisk risiko.

Styret er oppteken av at strategisk/forretningsmessig risiko og omdømerisiko vert handsama på ein god måte. Styret arbeider difor systematisk med strategiske vurderingar og legg stor vekt på godt samfunnsansvar og gode etiske haldningar. Voss Sparebank skal ikkje gjennomføra investeringar som utgjer ein risiko for at me medverkar til uetiske handlingar, som t.d. grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege miljøskader.

Voss Sparebank er svært avhengig av moderne teknologi, særleg IKT-løysingar. Våre IKT-løysingar vert leverte av TietoEvry. Deira retningslinjer for utvikling, leveranse og datatryggleik gjeld for desse tenestene.

Voss Sparebank har eigne retningslinjer for å sikra at drifta er i samsvar med IKT-forskriftene. Etter styret si vurdering, er Voss Sparebank sin bruk av IKT i samsvar med dei lover og reglar som gjeld.

TILSETTE, LIKESTILLING OG HMS

Tilsette

Ved utgangen av året hadde Voss Sparebank 27 fast tilsette. Gjennomsnittleg vart det nytt 26,2 årsverk, mot 25,6 året før.

Kompetanseutvikling

For å sikra kvaliteten på rådgjevinga og gje kundane god service, har Voss Sparebank satsa målretta på høg kompetanse. Nødvendige økonomiske midlar vert stilt til disposisjon for stimulering og motivering av dei tilsette til vidareutdanning og utvikling i arbeidet. Ved årsskiftet var 13 tilsette autoriserte som finansielle rådgjevarar (AFR) og 8 som autoriserte forsikringsrådgjevarar (GOS-godkjende). Alle kreditrådgjevarane er AFR-autoriserte og har gjennomført autorisasjonsordninga for kreditt.

Likestilling og livsfasepolitikk

Voss Sparebank legg stor vekt på å gje kvinner og menn same høve til personleg og fagleg utvikling, løn og karriere. Ved utgangen av året, hadde banken 15 kvinner og 12 menn tilsett.

Tre av fem valde styremedlemar er kvinner. Etter den nye finansføretakslova, som vart innført frå 1.1.2016, skal det vera minst 40 % av kvart kjønn.

Godtgjersle

Alle arbeidstakarane, unntake øvste leiinga, er omfatta av tariffverket innan finanssektoren. Voss Sparebank har ikkje individuell bonus, men innførte i 2014 kollektiv og lik bonusutbetaling til alle tilsette i høve stillingsprosent. Banksjefen er ikkje lenger inkludert i denne ordninga, og har frå 2017 ikkje bonusordning i det heile. Sum bonus er avhengig av oppnådde målsetjingar. Samla bonusutbetaling for året 2019 kom på 0,65 mill. kr og om lag 25.000 kroner pr. årsverk. Etter gjeldande forskrift er styret godtgjersleutvalet til banken.

Forsikringsordningar for dei tilsette

Voss Sparebank har kollektiv innskotspensjon, uføreforsikring, gruppeliv, yrkesskade, helseforsikring og reiseforsikring. Uførepensjonen er tilpassa nye reglar og helseforsikring vart teikna frå 1.1.2016. Dei tilsette i banken er med i AFP-ordninga som rekneskapsmessig vert handsama som innskotsbasert ordning med løpende kostnadsføring av betalt premie. Note 8.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

HMS er eit viktig element i personalpolitikken og me arbeider systematisk for å oppretthalda eit godt arbeidsmiljø. Lokala i Vangsgata fungerer godt og er på fleire måtar tilrettelagde for å tilfredsstilla ulike behov hjå dei tilsette. Det vert årleg nytt ressursar på tiltak av både helsefremjande og sosial karakter for å styrkja samhaldet og arbeidsmiljøet. Bedriftslækjarordninga, med årleg kontroll, fungerer tilfredsstillande. I rekneskapsåret er det ikkje registrert skade på personar. Sjukefråværet er normalt lågt, og var i 2019 på 2,37 %.

Voss Sparebank har eit aktivt bedriftsidrettslag. Medlemane er flinke til å dra i gang ulike aktivitetar. I tillegg tilbyr banken dei tilsette trimavtale med økonomisk kompensasjon og eit trimrom som kan disponerast i fritida.

STYRING AV VERKSEMDA

Voss Sparebank vart stifta 15. nov 1843 og banken har soleis skapt verdiar for kundar og Vossabygda i 176 år.

Offentleg regulering av verksemda er hovudsakleg gjeven i lov om finansføretak med tilhøyrande forskrift. Tilsyn med verksemda vert utført både av Finanstilsynet og Bankenes Sikringsfond.

Føremålet til Voss Sparebank går klart fram av vedtekten som på vårparten vart tilpassa den nye lova om finansføretak. Banken kan, innanfor den lovgeving som gjeld til ei kvar tid, utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører.

Voss Sparebank driv målretta arbeid for å oppretthalda konkurranseevna på kort og lang sikt. I det ligg mellom anna utvikling av medarbeidarane, produkt og styringssystem. Voss Sparebank har valt å vera sjølvstendig i ein samfunnssektor som er prega av auka sentralisering og større avstand til kundane som fylgje av samanslåingar, alliansar og oppkjøp. Ein sjølvstendig lokal sparebank vurderer styret som svært viktig for utviklinga av lokalsamfunnet vårt.

I styringa av banken vert det lagt stor vekt til kundane og god service, samstundes som Voss Sparebank skal vera ein konkurransedyktig bank, bygd på tillit, og skal驱va etter strenge etiske og sunne økonomiske prinsipp til beste for kundane og lokalsamfunnet.

Generalforsamlinga er Voss Sparebank sitt øvste organ. Det er samansett av 16 medlemar, fordelt med ni valde av kundane, tre valde av kommunen og fire av dei tilsette. Det er viktig at kundane stiller på det årlege kundevalet i banken og på den måten deltek i utviklinga og styringa av banken.

Styret er samansett av totalt seks medlemar og tre varamedlemar, der fem medlemar og to varamedlemar er valde av generalforsamlinga, mede ein medlem og ein varamedlem vert valde frå dei tilsette. Valet vert gjort for to år. Leiar og nestleiar vert valde ved særskilde val. Styremedlemane har yrkesbakgrunn frå næringar som er typiske for området til Voss Sparebank. Styret er oppteken av å ha best mogeleg kunnskap om hovudmarknaden til banken og dei kundane som opererer innanfor dette området. Det er ei av føremonene til ein lokalbank.

Styret har valt to av medlemene til risikoutval. Utvalet er eit saksførebuande og rådgjevande arbeidsutval for styret. Av viktige oppgåver for risikoutvalet kan nemnast risikotoleranse, risikostrategi, risikostyring og risikorapportering. Banken har uavhengig risikokontrollfunksjon i samsvar med finansføretakslova. Styret sjølv er revisjonsutval, der hovudoppgåva er gjennomgang og drøfting av kvartalsrekneskap og rapportering.

Styret har utarbeida årsplan for arbeidet sitt og legg vekt på å sikra tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse hjå medlemane. Oppfølging av drifta, strategi, risiko- og kapitalstyring og overvaking av marknader og rammevilkår er viktige fokusområde for styret. Eigenevaluering av arbeidsform, kompetanse, prioriteringar, og evaluering av samarbeidet mellom styre og leiing, vert gjennomført årleg. Styret handsamar alle større kreditsaker og saker av uvanleg art.

Voss Sparebank legg stor vekt på å ha ein veldefinert organisasjon, med klare ansvarsområde og fullmakter. Det er laga stillingsinstruksar for alle leiarstillingane. Det er utarbeidd eit omfattande system av rutinar og styringsdokument.

Banksjefen har den daglege leiinga av banken og skal fylgia instruksen og dei pålegg styret har gjeve. Den daglege leiinga omfattar ikkje avgjersler i saker som er av uvanleg art eller særstak tyding. Banksjefen skal syta for at rekneskapsføringa er i samsvar med lov og føreskrifter, og at formuesforvaltinga er ordna på ein trygg måte. Banksjefen deltek på styremøta, men er ikkje medlem av styret.

Revisjonen vert utførd i samsvar med gjeldande regelverk. Eksternrevisor gjev kvart år uttale til styret om kvaliteten av internkontrollsystemet, gjennomføringa av kontrollane og utarbeidd ICAAP. Eksternrevisor, Harald Bjotveit, RSM Norge AS, deltek etter behov i styremøta, minimum ein gong i året. Voss Sparebank har ikkje krav om internrevisjon.

Meir informasjon om eigarstyring og leiing av banken er å finna etter notane.

UTSIKTENE FRAMOVER

Banknæringa har gjennom mange år vore i stor endring og utvikling. Måten kundane nyttar banken er i dag heilt annleis enn berre for få år sidan. Mobilbank er no den vanlegaste måten å nytta banken på, medan ein for få år sidan hadde ein klar overvekt på nettbank. Medan betalingskorta gradvis har gjort at me i dag nesten ikkje treng kontantar, og gjennom tenester som Nettbank og Mobilbank utfører fleire og fleire banktenestene sjølve, vil den digitale lommeboka/mobiltelefonen truleg ta over betalingskorta og dagens system for rekningsbetaling. Voss Sparebank ynskjer å vera ein god bank for alle generasjonar, og vil soleis halda på kontantar og framleis ha banktenester over skranke. Det er framleis mange som ynskjer å koma innom oss for å få utført sine daglege tenester. For andre er det avgjerande at me har digitale løysingar som er enkle og som er tilpassa yngre brukarar sine forventningar til ein moderande bank. Felles for både grupper er verdien av rådgjeving. Me har soleis stor tru på modellen med kompetente rådgjevarar tilgjengeleg i banklokalet. Me vil difor tilby ein kombinasjon av digitale

løysingar som gjer bankkvardagen enklare for kundane, samtidig som banken tilbyr personleg rådgjeving på kundane sine premissar.

Bærekraft og miljø vert viktigare og viktigare i finansnæringa. Mange ser på næringa som avgjerande i å finna gode løysingar på miljøutfordringane. «Grøne obligasjonar» til å finansiera «grøne lån» er alt eit relativt vanleg produkt i Noreg. Det er forventa eit større regulatorisk omfang av miljø og bærekraft inn i framtida, og Voss Sparebank har byrja å tilpassa seg dette. Mellom anna vil bærekraft og miljø koma inn i kreditstrategien til banken, som er under revisjon.

Me reknar ikkje med urovekkjande auke i arbeidsløysa i hovudmarknaden til banken i 2020, og legg til grunn at utviklinga til banken vil halda fram på nivå med føregåande år. Serviceinnstilte og kompetente medarbeidarar er, saman med Voss Sparebank sin solide eigenkapital og gode likviditet, vesentlege faktorar som vil sikra banken sin plass som ein sjølvstendig, framtidssretta og god sparebank på Voss.

Styret kjenner ikkje til andre hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som vil påverka stillinga til banken.

TAKK TIL KUNDAR, TILSETTE OG TILLITSVALDE


Styret nyttar høve til å takka alle kundar for god oppslutnad om Voss Sparebank og ser fram til fortsatt godt samarbeid i tida som kjem. Styret rettar ei varm takk til alle tillitsvalde for innsatsen, og ikkje minst til dei tilsette for stor innsats og godt samarbeid.

Voss, 31.12.2019 / 27.02.2020

Styret i Voss Sparebank



Steinar Hjørnevik
- Styrelseiar -



Tor Ivar Johnsson

Trude Storheim




Helene Stråtevit

- Styrelseiar -



Gunn Irene Hommedal Kvítne

- Styrelseiar -



Rolf Haukås
- Tilsett -



Jørund Rong
- Banksjef -

2019	2018	RESULTATREKNESKAP	2019	2018
		Renteinntekter og liknande inntekter		
0	0	Renter av gjeldsbr. Som kan ref. i sentralbankar	0	0
2.407	900	Renter av utlån til og krav på kreditinstitusjonar	2.407	900
133.392	114.198	Renter og liknande inntekter av utlån til kundar	131.428	112.410
3.097	3.062	Renter av sertifikat og obligasjoner	3.097	3.062
138.896	118.160	Andre renteinntekter	136.932	116.372
		Rentekostnader og liknande kostnader		
2.316	2.028	Renter på innskot frå kreditinstitusjonar	2.316	2.028
32.789	23.284	Renter på innskot frå kundar	32.765	23.264
3.672	1.269	Renter og liknande kostnader på utstedte verdipapir	3.672	1.269
1.877	40.654	29.237 Andre rentekostnader og liknande kostnader	1.877	40.630
98.242	88.923	Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter	96.302	87.155
		Utbyte og andre inntekter av verdi-papir med variabel avkastning		
5.001	3.147	Inntekter av aksjar og andre verdipapir m/variabel avkastning	5.001	3.147
-13	4.988	-30	3.117 Inntekter av eigarinteresse i konsernselskap	0
		Prov.innt./andre innt.frå banktenester		
855	894	Garantiprovisjon	855	894
11.488	12.343	9.927	10.821 Andre gebyr og provisjonsinntekter	9d
		Prov.kostn./andre kostn.ved banktenester		
3.036	2.468	Andre gebyr og prov.kostnader	3.036	2.468
		Netto kursvinst/tap av valuta og verdipapir		
86	-152	Nto verdiendr/vinst/tap sertifikat og obligasjoner	86	-152
2.338	0	Nto verdiendr/vinst/tap aksjar og grunnf.bev.	2.338	0
532	2.956	481	329 Netto kursvinst valuta	532
		Andre driftsinntekter		
0	0	Driftsinntekter faste eigedomar	0	0
0	28	28 Andre driftsinntekter	0	28
17.251	11.827	Netto andre driftsinntekter	17.264	11.857
115.493	100.750	Sum driftsinntekter	113.566	99.012
		Løn og generelle administrasjonskostnader	8	
17.911	16.613	Løn m.v.	17.911	16.613
942	784	Pensjonskostnader	942	784
4.763	4.308	Sosiale kostnader	4.763	4.308
16.895	40.511	39.171 Adminstrasjonskostnader	16.895	40.511
		Avskrivinger m.m.av varige driftsmidler	5	
345	346	Ordinære avskrivinger	2.045	2.096
0	345	0	346 Nedskrivningar	0
		Andre driftskostnader		
424	990	Driftskostnader faste eigedomar	1.266	1.646
7.872	8.296	7.622 8.612 Andre driftskostnader	3.407	4.673
49.152	48.129	Sum driftskostnader	47.229	46.359
66.341	52.621	Resultat før tap og skatt	66.337	52.653
		Tap på utlån og garantiar	2	
820	311	Tap på utlån	820	311
0	820	0	311 Tap på garantiar	0
		Nedskr./vinst/tap på verdip.for lang sikt		
0	-2.299	Nedskrivning og tap(+) / vinst(-) anleggsmidlar	9e	0
65.521	54.609	Resultat før skatt	65.517	54.641
16.402	13.440	13.440 Skatt på ordinært resultat	16.398	13.472
49.119	41.169	Res.av ord.dr.etter skatt for rekneskapsåret	49.119	41.169
		Overføringer og disponeringar		
		Minoritetsinteresser		
		Overført frå andre fond/Vurderingsskilnader		
49.119	41.169	Til disposisjon	6	49.119
0	0	Overført til/frå vurderingsskilnader	0	0
4.000	2.500	Overført til gåver	4.000	2.500
0	500	Overført til gåvefondet	0	500
0	0	Overført frå gåvefondet	0	0
45.119	38.169	Overført til Sparebanken sitt fond	45.119	38.169
		Overført til/frå andre fond		
49.119	41.169	Sum disponert		49.119
				41.169

Balanse

Morbank

2019		2018		EIGNELUTAR		Konsern	
						2019	2018
	83.957		86.445	Kontantar og krav på sentralbanken	1a	83.957	86.445
				Utlån til og krav på kreditinstitusjonar			
347.721	156.719			• utan avtalt bindingstid	347.721	156.719	
3.000	350.721	165.000	321.719	• med avtalt bindingstid	3.000	350.721	165.000
				Utlån til og krav på kundar	2b/2d		
180.152	173.117			Kasse-/drifts- og brukskredittar	180.152	173.117	
89.939	91.571			Byggjelån	89.939	91.571	
3.897.368	3.646.758			Nedbetalingslån	3.850.253	3.598.592	
4.167.459	3.911.446			Sum utlån før tapsavsetjingar	4.120.344	3.863.280	
20.575	16.011			- individuell nedskriving	2e	20.575	16.011
22.500	43.075	26.600	42.611	- gruppenedskriving	2e	22.500	43.075
4.124.384	3.868.835			Sum netto utlån	4.077.269	3.820.669	
				Sertifikater, obligasjonar m/fast avkastning	3		
0	0			Obligasjoner frå det offentlege	0	0	
134.779	134.779	168.600	168.600	Obligasjoner frå andre	134.779	134.779	168.600
				Aksjar og andre verdipapir m/variabel avkastning	4		
91.329	80.698			Aksjar og grunnfondsbevis	91.430	80.699	
				Eigarinteresse i konsernselskap	4		
7.425	7.438			Eigarinteresse i andre konsernselskap	0	0	
				Immaterielle eignelutar			
350	420			Utsett skattefordel	9a	1.058	1.124
0	0			Aktiverte kostnader		0	0
0	350	0	420	Goodwill		0	1.124
				Varige driftsmidlar	5		
211	557			Maskiner, inventar og transportmidler	211	557	
0	211	0	557	Bygningar og andre faste eigedomar	48.582	48.793	50.282
				Andre eignelutar			
0	0			Finansielle derivat	1d	0	0
2.330	2.330	2.293	2.293	Andre eigneluter		2.335	2.298
				Forskotsbetalingar og opptent inntekter			
7.254	5.739			Opptent ikkje bet. inntekter og forsk.bet.	7.237	5.724	
7.254	5.739			5.739 ikkje påk. kostnader		7.237	5.724
4.802.740	4.542.744			SUM EIGNELUTER		4.797.579	4.538.117

Balanse

Morbank	Morbank	GJELD OG EIGENKAPITAL	Konsern	Konsern
2019	2018		2019	2018
GJELD:				
Gjeld til kreditinstitusjonar				
1.025 100.000	591 100.000	• utan avtalt bindingstid • med avtalt bindingstid	1.025 9c/7 100.000	591 100.000
100.025	100.591		101.025	100.591
Innskot frå og gjeld til kundar				
2.836.108 873.243	2.879.799 3.709.351	• utan avtalt bindingstid • med avtalt bindingstid	2.830.947 873.243	2.875.172 3.704.190
3.709.351	617.770	100.000	3.704.190	617.770
		100.000 Sertifikat og andre kortskiktige låneopptak		100.000
		100.000 Obligasjonsgjeld	9c/7	100.000
		23.351	23.351	20.179
		20.179 Anna gjeld	9b	
		5.782	5.782	5.258
Avsetjingar for skyldnader				
1.096 0 0	2.130 0 0	Pensjonsskyldnad Utsett skatt 2.130 Individuell nedskrivning på garantiansvar	8c 9a 2c/2h	1.096 0 1.096
4.040.605	3.825.727	Sum gjeld		4.035.444
				3.821.100
EIGENKAPITAL:				
751.635 10.500	706.517 10.500	Sparebanken sitt fond Gåvefond	6a	751.635 10.500
762.135	717.017	Sum eigenkapital		762.135
4.802.740	4.542.744	SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		4.797.579
				4.538.117
POSTAR UTANOM BALANSEN				
Vilkårsbunde ansvar				
57.203	89.643	Garantiansvar Bokførd verdi av egneluter som er	2a/2c	57.203
50.000	60.000	stilte som trygd	3/9e	50.000
207.227	231.990	Lån overført til Verd Boligkreditt		231.990
				207.227

Voss, 31.12.2019 / 27.02.2020

Styret i Voss Sparebank


Steinar Hjørnevik
- styreleiar -



Tor Ivar Johnsson


Trude Storheim


Helene Stråteit


Gunn Irene Hommedal Kvítne


Rolf Haukås
- tilsett -


Jørund Rong
- banksjef -

Kontantstraumoppstilling

Morbank		Alle tal i hele NOK 1.000	Konsern	
2019	2018		2019	2018
144 421	125 339	Kontantstraumar fra operasjonelle aktivitetar	142 459	123 552
-32 789	-22 957	Rente-, provisjons- og gebyrinnbetalingar frå kundar	-32 765	-22 937
5 354	4 008	Rente-, provisjons- og gebyrutbetalingar til kundar	5 354	4 008
-10 619	-8 001	Renteinnbetalingar på andre utlån	-10 619	-8 001
5 533	3 628	Renteutbetalingar på andre lån	5 533	3 628
-26 406	-26 433	Innbetalingar av utbytte mv.	-22 783	-22 913
-24 529	-22 570	Utbetalingar til andre leverandørar for varer/tenester	-24 529	-22 570
-13 522	-11 410	Utbetalingar tilsette, pensjon, arb.g.avgift, sk.trekk mv.	-13 522	-11 410
47 443	41 604	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	49 129	43 357
-268 787	-116 538	Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar	-269 838	-117 613
-16 633	-99 020	Auke (-) / reduksjon (+) i utlån til kundar	-16 633	-99 020
0	28	Auke (-) / reduksjon (+) i utlån til finansinstitusjonar	0	28
8 809	0	Innbetalingar på tidlegare avskrivne fordringar	8 809	0
-17 102	-18 531	Innbetalingar ved sal av aksjar i andre føretak	-17 202	-18 531
235 676	106 105	Utbetalingar ved kjøp av aksjar i andre føretak	235 676	106 105
-201 770	-71 100	Innbetalingar ved sal av andre verdipapir	-201 770	-71 100
0	0	Utbetalingar ved kjøp av andre verdipapir	0	0
0	0	Utbetaling av konsernbidrag til datterselskap	0	0
		Netto avgang (+) / tilgang (-) varige driftsmidlar	0	0
-259 807	-199 056	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-260 958	-200 131
211 746	113 173	Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	211 212	112 495
434	-101 042	Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	434	-101 042
0	100 000	Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til finansinstitusjonar	0	100 000
0	50 000	Innbetalingar ved utsteding av obligasjonsgjeld	0	50 000
-2 304	-3 555	Auke (+) / reduksjon (-) sertifikatlån	-2 304	-3 555
209 876	158 576	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	209 342	157 898
-2 488	1 124	Netto kontantstraum for året	-2 488	1 124
-2 488	1 124	Netto endring likvidar	-2 488	1 124
86 445	85 321	Likviditetsbeholdning 1. januar	86 445	85 321
83 957	86 445	Likviditetsbeholdning 31. desember	83 957	86 445

Likviditetsbeholdninga omfattar kontantar og krav på sentralbanken.

Notar til årsrekneskapen 2019

1 Generelle rekneskapsprinsipp

Banken sin årsrekneskap er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for bankar og også etter god rekneskapskikk, og gjev eit rett bilet av banken sitt resultat og balanse.

Under dei einskilde notane er det teke med ytterlegare forklaringar og presiseringar til postar i rekneskapen. Alle summane er gjeve opp i heile tusen kroner om ikkje anna er kommentert.

Dotterselskap nyttar same rekneskapsprinsippa som morbank, og er implementert etter eigenkapitalmetoden (sjå note 4d).

Det er ingen endringar i rekneskapsprinsipp for rekneskapsåret 2019. Frå og med rekneskapsåret 2020 vil banken rapportera etter IFRS-regelverket. Rekneskapen vil verta tilpassa forskrifa, og det vert utarbeidd overgangsnotar som vil skildra overgangen frå eksisterande til nytt rekneskapsprinsipp. Desse overgangsnotane vil verta tekne med som del av kvartalsrapportering frå og med 1.kvartal 2020.

Utlån og tap / misleghaldne lån

Utlåna vert vurderte til nominelle verdiar med unntak av misleghaldne og tapsutsette lån. Når det ikkje er betalt forfalne terminar på eit lån, eller når ein råmekredit har vore overtretti i meir enn 30 dagar, vert det registrert, og seinast innan 90 dagar fylgd opp. Dersom det vert vurdert som "ikkje mellombels misleghald" vert det tapsavsett. Ut frå forventa kontantstraum fram til oppgjerstidspunkt og effektiv rentemetode, vert nedskrivningssummen fastsett (sjå note 2g/h). Denne summen vert førd som individuell nedskrivning. Engasjement som ikkje er misleghalte, men som ut frå andre objektive bevis vert vurderte som usikre, vert på same måte førde med individuell nedskrivning.

Gruppenedskrivning er avsetjing på tapsutsette engasjement som ikkje er identifiserte. Avsetjinga er gjort for å møta framtidige tap som det ikkje er avsett individuell nedskrivning for.

Gruppenedskrivninga er gjennomført ut frå risikoklassifisering av privat- og næringskundar og dessutan for utsette næringer, og er basert på analyse av tapsrisiko og historiske tap.

Konstaterte tap er tap på engasjement som er konstatert ved konkurs, stadfesta akkord, utleggsforretning som ikkje har ført fram, rettskraftig dom eller ved at banken har gjeve avkall på delar av eller heile engasjementet.

Obligasjonar m/ fast avkastning

Banken si behaldning av obligasjonar og sertifikat er klassifisert som kortsiktig behaldning (omløp), og samla portefølje er vurdert til den lågaste verdien av kostpris og verkeleg verdi. Banken har ikkje handelsportefølje.

Aksjar og andre papir m/ variabel avkastning

Behaldninga av aksjar og andre verdipapir som er børsnoterte er klassifisert som kortsiktig behaldning og som ein portefølje og vurdert til den lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Einskilde aksjar som ikkje er børsnoterte, er langsiktig behaldning, og kan verta nedskrivne dersom verdien er vesentleg lågare enn bokførd verdi, og nedgangen ikkje er mellombels. Vurderinga skjer i samsvar med NRS om nedskrivning av anleggsmidlar. Banken har ikkje handelsportefølje.

Engasjement

Engasjement vert definerte som utlån og garantiar saman med opptente, ikkje betalte renter, gebyr og provisjonar.

1a Eigneluter og gjeld i utanlands valuta

Me har ikkje gjeldspostar i utanlandsk valuta.

<u>Under eigneluter har me bokført:</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>
Setlar og skiljemynth	785	882

Beløpa er omrekna etter kjøpskurs 31.desember

1b Periodisering / inntektsføring / kostnader

Gebyr og provisionar vert tekne inn i resultatrekneskapen etter kvart som dei vert opptente og kostnadene har forfalle.

Utbute av aksjar og eigenkapitalbevis vert inntektsførde det året summane vert utbetalt.

Etableringsgebyr skal periodiserast dersom det overstig kostnadene ved etablering av det einskilde lånet, jf. retningslinjer frå Finanstilsynet. Banken sine satsar dekkjer berre kostnader til låneetableringa, og vert difor ikkje periodiserte.

Opptente, ikkje betalte inntekter vert tekne til inntekt og førde som krav i balansen ved rekneskapsavslutning. Forskotsbetalte inntekter og påkomne, ikkje betalte kostnader vert førde som gjeld i balansen ved rekneskapsavslutning.

1c Prinsipp for rekneskapshandsaming av gjeld

Gjeld vert balanseført til nominell verdi og vert ikkje endra for endring i rentenivå.

1d Finansielle derivat

Banken har ikkje hatt finansielle derivat i 2019.

2 Utlån og garantiar

2a Garantiar

	2019	2018
Betalingsgarantiar	35 864	52 771
Kontraktsgarantiar	18 103	33 555
Lånegarantiar	2 761	2 761
Garantiar for skatt m.m.	100	100
Anna garantiansvar	375	456
Samla garantiansvar, morbank	57 203	89 643

Garantiansvaret er ikkje kontragarantert av andre finansinstitusjonar.

2b Utlån fordelt etter sektor/næring og tap

	2019		2018	
	Utlån	Tap	Utlån	Tap
Lönstakrar	3 054 353	-2 562	2 844 672	-2 047
Primærnæring	180 864	160 825		
Industri og bergverk	29 589	25 695		
Bygg og anlegg / kraft	117 061	99 806	-1 309	
Varehandel m.m.	74 344	55 127		
Transport	10 909	11 492		
Overnatting / serveringsverksemd	63 171	2 492	57 314	
Omsetjing og drift av fast eigedom	506 591	2 240	522 986	4 874
Fagleg og finansiell tenesteyting	18 945	250	17 225	-1 077
Forretningsmessig tenesteyting	24 281	2 500	25 182	-130
Tenesteytande verksemder elles	87 351		91 122	
Sum	4 167 459	4 920	3 911 446	311
Endring gruppnedskrivning		-4 100		-
Morbank	4 167 459	820	3 911 446	311
Konsern	4 120 344		3 863 280	

2c Garantiar fordelt etter sektor/næring

	2019	Individuell nedskriving	2018	Individuell nedskriving
Lønstakrar	4 416	-	4 635	-
Primærnæring	1 107	-	1 184	-
Industri og bergverk	1 737	-	2 036	-
Bygg og anlegg / kraft	29 198	-	43 763	-
Varehandel m.m.	8 033	-	20 169	-
Transport	3 740	-	3 767	-
Overnatting / serveringsverksemد	26	-	26	-
Omsetjing og drift av fast eigedom	375	-	20	-
Fagleg og finansiell tenesteyting	6 760	-	5 562	-
Forretningsmessig tenesteyting	1 106	-	523	-
Tenesteytande verksemد elles	705	-	7 958	-
Morbank	57 203		89 643	
Konsern	57 203		89 643	

2d Utlån og garantiar fordelt etter geografi

	2019		2018	
	Brutto utlån	Garantiar	Brutto utlån	Garantiar
Østfold / Akershus / Oslo	361 372	1 035	341 345	3 301
Austlandet elles	54 533	35	51 324	35
Agder / Rogaland	72 251	367	77 748	367
Hordaland	3 605 722	55 019	3 365 479	85 251
Sogn / Møre	41 848	747	46 409	689
Trøndelag/Nord-Noreg/Svalbard	26 883	-	25 031	-
Utlandet	4 850	-	4 110	-
Morbank	4 167 459	57 203	3 911 446	89 634
Konsern	4 120 344	57 203	3 863 280	89 643

2e Tapsutsette og misleghaldne engasjement

Engasjement

vert definert som garantiar, utlån og unytta trekkrettar medrekna opptente, ikkje betalte renter, gebyr og provisjonar.

Tapsutsette engasjement

Tapsutsette lån er lån som ikkje er misleghaldne, men der den økonomiske situasjonen til kunden gjev grunn til å tru at det er stor risiko for tap på eit seinare tidspunkt. Heile engasjementet til kunden vert då vurdert som tapsutsett.

Misleghaldne engasjement

Eit engasjement vert vurdert å vera misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalt termin innan 90 dagar etter forfall, eller når ein råmekredit samanhengande har stått overtrekt i 90 dagar eller meir. Heile engasjementet blir då rapportert som misleghelde.

Tapsutsette engasjement	2019	2018	2017	2016	2015
Næringslivslån	14 602	46 219	41 942	31 590	7 202
- Nedskrivning	5 000	12 053	10 541	6 382	4 273
Personlån	5 033	17 983	33 011	44 659	16 386
- Nedskrivning	1 297	3 800	6 743	7 206	4 764
Netto tapsutsett	13 338	48 349	57 669	62 661	14 551
Brutto tapsutsette lån	0,47%	1,64%	1,97%	2,24%	0,75%
Tapsavsetningsgrad	32,07%	24,69%	23,06%	17,82%	38,31%

Tapsutsette engasjement etter sektor og næring	2019	Individuell nedskrivning	2018	Individuell nedskrivning
Lønstakrar	5 033	1 297	17 983	3 800
Bygg og anlegg / kraft				
Omsetjing og drift av fast eigedom	14 602	5 000	42 673	11 053
Fagleg og finansiell tenesteyting			3 546	1 000
Forretningsmessig tenesteyting				
	19 635	6 297	64 202	15 853

Misleghaldne engasjement	2019	2018	2017	2016	2015
Næringslivslån	20 739	250	5 000	2 404	27 070
- Nedskrivning	14 278	0	1 000	426	4 214
Personlån	5 269	1 235	4 497	1	22 358
- Nedskrivning	-	158	158	-	37
Mislegheldne lån, netto	11 730	1 327	8 339	1 979	45 177
Mislegheldne lån, brutto	0,62%	0,04%	0,25%	0,06%	1,57%
Tapsavsetningsgrad	54,90%	10,64%	12,19%	17,71%	8,60%

Misleghaldne engasjement etter sektor og næring	2019	Individuell nedskrivning	2018	Individuell nedskrivning
Lønstakrar	5 269	-	1 235	158
Fagleg og finansiell tenesteyting	-	-	250	-
Omsetjing og drift av fast eigedom	13 871	8 270		
Overnatting / servering	3 368	2 508		
Forretningsmessig tenesteyting	3 500	3 500	-	-
	26 008	14 278		
Gruppenedskriving		22 500		26 600
Gruppenedskriving i % av brutto utlån		0,54%		0,68%

Nedskrivningar for garantiar kjem i tillegg. Banken hadde ikkje nedskrivningar for tap på garantiar pr 31.12.2019.
 Gruppenedskriving vert rekna ut frå samla kundeengasjement i dei ulike risikoklassane og kundegruppene (privat/næring). Alle engasjement med individuell nedskriving er trekt ut før utrekning av gruppenedskriving.

2f Forventa tap fram i tid

Sjå årsmeldinga frå styret for 2019.

2g Inntektsførde renter på lån med individuell nedskriving

	2019	2018
Rente / provisjonsinntekter, tapsmerkte lån	1 532	2 001
+/- Amortisering, tapsmerkte lån	13	106
+/- Tilbakeførde renter	-324	284
= Inntektsførde renter på lån med individuell nedskriving	1 221	2 391

2h Nedskrivingar for tap

Individuelle nedskrivingar – utlån	2019	2018
Individuelle nedskrivingar 01.01.	16 011	18 442
- Konstaterte tap med tidlegare nedskriving	158	2 200
+ Auke individuelle nedskrivingar	7 000	3 000
+ Nye individuelle nedskrivingar	2 500	-
+/- Amortisering – endring i perioden	222	-731
- Tilbakeføring av individuelle nedskrivingar	5 000	2 500
Individuelle nedskrivingar pr. 31.12.	20 575	16 011

Individuelle nedskrivingar - garantiar	2019	2018
Individuelle nedskrivingar 01.01.	-	-
+ Auka individuelle nedskrivingar	-	-
+ Nye individuelle nedskrivingar	-	-
- Tilbakeføring av individuelle nedskrivingar	-	-
Individuelle nedskrivingar 31.12.	-	-

Gruppenedskrivingar – utlån	2019	2018
gruppenedskriving 01.01.	26 600	26 600
+ Auke i gruppenedskriving	-	-
- Reduksjon i gruppenedskriving	4 100	-
Gruppenedskriving pr. 31.12.	22 500	26 600

Kostnadsførde tap	2019	2018
+/- Endring individuell nedskriving – utlån	4 342	-1 700
+ Konstaterte tap med tidlegare nedskriving	145	2 725
+ Konstaterte tap utan tidlegare nedskriving	250	-
+ Amortisering i perioden	235	-625
- Inngang på tidlegare konstaterte tap	52	89
+/- Endring gruppenedskriving	-4 100	-
Tapskostnader i året	820	311

2i Risikoklassifisering av utlånsmassen

Banken rapporterer risikoklassar ut frå den einskilde kunde sin tilbakebetalingsevne/vilje. Klassifiseringa baserer seg delvis på standardiserte scoringmodellar, men også på banken sine eigne vurderingar i kvar ein skild lånesak.

Banken sine utlån til kundar blir delt inn i desse klassane:

Solid kunde, låg risiko	(A-D)
Normalt solid kunde, moderat risiko	(E-G)
Mindre solid kunde, høg risiko	(H-J)
Svak kunde, tapsrisiko, banken har sett av for tap	(K)
Kundar som ikkje er risikoklassifiserte	

Risikoklasse (%)	Privatkundar		Bedriftskundar		Samla	
	2019	2018	2019	2018	2019	2018
Låg risiko	90,0	91,7	45,7	54,6	80,9	81,0
Moderat risiko	8,0	6,3	29,9	29,6	12,5	13,0
Høg risiko	1,1	1,0	20,6	11,5	5,1	4,0
Tapsutsett	0,9	0,7	3,8	4,0	1,5	1,7
Uklassifisert	0,0	0,3	0	0,3	0,0	0,3
SUM	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

3 Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir - med fast avkastning

3a Omløpsobligasjonar / sertifikat

Børsnoterte	Risiko-vekt	Pålyande verdi	Bokførd verdi kostpris	Marknadsverdi
Av det offentlege	20%	30 000	30 001	29 984
Av andre (OMF)	10%	50 000	49 650	50 181
Av andre	20%	50 000	49 932	50 154
Av andre	50%	-	-	-
Av andre	100%	-	-	-
SUM		130 000	129 583	130 319

Gjennomsnittleg effektiv rente omløpsobligasjonar og sertifikat : 2,27% i 2019, mot 1,88% i 2018.

Endringar i perioden	Omløp	Anlegg	SUM
Inngåande saldo	159 521	-	159 521
Kjøp	100 002	-	100 002
Uttrekning / sal	129 940	-	129 940
Utgående saldo	129 583	-	129 583

Banken har ikkje obligasjonsbeholdning som er definert som anleggsmidlar

3b Ansvarleg lånekapital i andre selskap

Børsnoterte	Risiko-vekt	Pålyande verdi	Bokførd verdi kostpris	Marknadsverdi
Ansvarleg lånekapital bokførd som obligasjonar	100%	5 196	5 196	5 451
Sum ansvarleg lånekapital		5 196	5 196	5 451
Av dette ansvarleg lånekapital til andre finansinstitusjonar		5 196	5 196	5 451

4 Aksjar og eigarinteresser

4a Verdsetjing

Eigarinteresse i dotterselskap vert i rekneskapen klassifisert som langsiktig plassering.

4b Aksjar, andelar og eigenkapitalbevis

	Org.nummer	Vår del, tal aksjar	Eigardel prosent	Kostpris/ bokførd verdi	Marknads-/ fullverdi
Langsiktige plasseringar					
Eiendomskreditt AS	979 391 285	195 391	3,64	20 826	28 237
Kreditforeningen for sparebanker	986 918 930	1 840	3,68	1 895	8 297
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA	817 244 742	209 229	9,99	5 227	32 640
Frende Holding AS	991 410 325	48 982	0,72	4 653	9 797
Verd Boligkreditt AS	994 322 427	12 790	2,20	13 131	14 711
Brage Finans AS	995 610 760	2 986 006	2,00	33 325	38 766
Balder Betaling AS	918 693 009	235 175		4 640	4 846
Kitemill AS	992 943 718	300 000		1 500	1 500
Jernvangen AS	945 418 311	18	30,00	4 500	4 500
Andre langsiktige plasseringar				1 631	3 345
Sum aksjar og eigenkapitalbevis				91 328	146 639
Av dette børsnoterte (langsiktige)				5 227	32 640

Endringar i perioden	Omløp	Anlegg	SUM
Inngåande saldo	5 021	75 677	80 698
Kjøp	-	17 102	17 102
Sal	5 021	1	5 021
Kapitalnedsetjing	-	1 449	1 449
Sum	-	91 329	91 329

Banken hadde pr 31.12.2019 ikkje kortiktig aksjebehaldning.

4c Behaldning av rentefond

Banken hadde ikkje behaldning av rentefond pr 31.12.2019

4d Eigarinteresser i dotterselskap

Konsoliderte dotterselskap nyttar same rekneskapsprinsippa som morbank.
Investeringar i dotterselskap er førde etter eigenkapitalmetoden i rekneskapen til banken.
Det har ikkje vore kjøpt eller selt vesentlege eigneluter mellom banken og dotterselskapa.

Konsolidert dotterselskap	Voss Sparebank Eigedom AS 896 324 012	Voss Invest AS 945 665 343	Sum
<i>Organisasjonsnummer</i>			
Bokført verdi 1.1.	4 569	2 869	7 438
Resultat i året	-11	-2	-13
Konsernbidrag	116	-116	0
Bokført verdi 31.12	4 674	2 751	7 425
Eigardel	100 %	100 %	
Stemmedel	100 %	100 %	
Forretningskontor	Voss kommune	Voss kommune	

Morbanken sitt mellomværande med dotterselskapa

	2019	2018
Utlån til kundar	47 115	48 166
Inniskot frå kundar	5 161	4 627

Morbanken sine transaksjonar med dotterselskapa

	2019	2018
Renter av utlån til kundar	1 964	1 788
Renter på inniskot frå kundar	24	20
Husleige banklokale	4 500	4 200

I tillegg til selskapa nemnt ovanfor, eig dotterselskapet Voss Invest AS 100 % av aksjane i følgjande selskap heimehøyrande i Voss kommune, som ikkje er konsolidert i banken sin rekneskap, då dette er midlertidige eigneluter i påvente av sal;

Ikkje konsoliderte selskap	Org.nr	Bokf. verdi	Utlån 31.12	Res- 18 *	EK 2018 *
Oppheim Hotel Eiendom AS	891 444 672	1	13 872	- 1 410	967
Oppheimstunet AS	822 972 012	100	1 100	Nystifta 2019	Nystifta 2019

* Sist tilgjengeleg årsrekneskap

5

Varige driftsmidlar

Faste eigedomar og andre varige driftsmidlar vert i balansen førde til kostpris, ordinære avskrivningar og mogelege nedskrivningar vert trekte frå. Ordinære avskrivningar er baserte på kostpris, og avskrivingane vert fordelt likt over driftsmidlane si levetid. Dersom den verkelege verdien av eit driftsmiddel er monaleg lågare enn den bokførde verdien, og nedgangen ikkje er mellombels, vert driftsmidlet skrive ned til verkeleg verdi. Driftsmidlane vert verdsette kvar for seg. Vurderinga skjer i samsvar med NRS om nedskriving av anleggsmidlar.

MORBANK	Maskiner, inventar o.l.	Fast eigedom	Varige driftsmidlar inkl aktiverte kostn
Nyskaffingskostnad 01.01.19	11 992	0	11 992
+ Kjøp i året	0	0	0
- Sal i året	0	0	0
= Nyskaffingskostnad 31.12.19	11 992	0	11 992
Samla avskrivningar 31.12.19	11 781	0	11 781
Samla nedskrivningar 31.12.19	0	0	0
Bokført verdi 31.12.19	211	0	211
Avskrivninga i 2019	345	0	345
Økonomisk levetid	3-10 år		

KONSERN	Maskiner, inventar o.l.	Fast eigedom	Varige driftsmidlar inkl aktiverte kostn
Nyskaffingskostnad 01.01.19	11 992	74 631	86 623
+ Kjøp i året	0	0	0
- Sal i året	0	0	0
= Nyskaffingskostnad 31.12.19	11 992	74 631	86 623
Samla avskrivningar 31.12.19	11 781	16 699	28 480
Samla nedskrivningar 31.12.19	0	9 350	9 350
Bokført verdi 31.12.19	211	48 582	48 793
Avskrivningar i år	345	1 700	2 045
Økonomisk levetid	3-10 år	10-50 år	

Avskrivningsplan – økonomisk levetid for varige driftsmidlar

EDB-maskiner	3 år	Transportmidlar	5 år
Andre maskiner	3/5 år	Bankbygg	50 år
Inventar m.m	5/10 år	Faste, tekniske installasjoner i bygg	10 år

Avskrivningsplanen er ikke endra fra tidlegare år.

Oppstilling over konsernet sine faste eigedomar inkl. tomteverdi

		Bokført verdi	
Datterselskap – Vangsgata 18	Bankbygg	47 000	Utleige 100 % til morbank
Datterselskap – Lundarvegen	Tomt	1.550	
Dotteselskap – Istadosen	Tomt	32	
Sum fast eigedom		48 582	

6 Ansvarleg kapital

6a Eigenkapitalendringar i 2019

Kjernekapital	Sparebank-fondet	Gåve-fondet	SUM
Saldo 31.12.2018	706.517	10.500	717.017
Utdeling frå gåvefondet	-	-	-
Disponering av overskot	45 119	-	45 119
Saldo 31.12.2019	751 636	10.500	762 136

6b Kapitaldekning

Banken rapporterer kapitaldekning etter Basel II-regelverket.

Dei einskilde risikoområda innan banken sit virkeområde skal vurderast. Ut frå storleik og omfang skal alle vesentlege risikoområde medføra eit spesifikt krav til banken sin ansvarlege kapital.

Basel II byggjer på tre pilarar.

Under pilar 1 skal alle banken sine eignelutar vektast ut frå risiko, og ut frå dette kjem ein fram til eit berekningsgrunnlag for kreditrisiko. Vidare skal netto inntekter dei tre siste åra nyttast som grunnlag til å finna berekningsgrunnlaget for operasjonell risiko. Summen av berekningsgrunnlag for kreditrisiko og operasjonell risiko er samla berekningsgrunnlag under pilar 1. Minstekravet til kapitaldekning er 8% av dette grunnlaget.

Under pilar 2 blir andre vesentlege risiki vurdert. Dette er ein kontinuerleg prosess, men med ein totalgjennomgang minst ein gong i året. Viktige område her er mellom anna marknads-/ konsentrasjons- og likviditetsrisiki. Det samla kapitalbehovet under pilar 2 blir lagt til kapitalbehovet under pilar 1.

Under pilar 3 blir det stilt krav til offentleggjering av finansiell informasjon.

I tillegg til års- og delårsrapportar vil slik informasjon bli lagt ut på banken sine nettsider ; www.vossabanken.no .

Krav til bufferkapital frå og med 3.kvartal 2013

Med verknad frå og med 1 juli 2013 stiller norske styresmakter nye krav til bankane sin soliditet i form av krav om kapitalbevarings- og systemriskobuffers. Kapitalbevaringsbufferen er ein fast buffer på 2,5% av berekningsgrunnlag. Systemriskobufferen er 3,0% frå 3.kvartal 2014. Det er også innført ein motsyklisk buffer som skal kunne justerast etter behov. Frå 31.12.2019 er kravet til motsyklisk buffer på 2,5% av berekningsgrunnlaget.

Ansvarleg kapital

Den ansvarlege kapitalen er kjernekapital og tilleggskapital. Tilleggskapitalen kan ikke vera større enn kjernekapitalen.

Fra og med 1.kvartal 2018 rapporterer banken også kapitaldekning etter konsolidering av egedelane i dei to selskapa Verd Boligkredit og Brage Finans.

Kjernekapital	31.12.19	31.12.18
Sparebankfondet	751 636	706 546
Fond for vurderingsskildnader	-	-
Gåvefondet	10 500	10 500
	762 136	717 046
- Ansv. kapital i andre finansinstitusjonar	-	-
- Utsett skattefordel	15 647	13 508
- Bokførde immaterielle eignelutar	350	420
Teljande ansvarleg kapital	746 139	703 118
Eigenkapital i konsern eks. min.interesser	745 431	702 381

Kapitalkrav og kapitaldekning etter Basel II

	31.12.19	31.12.18				
Engasjementstype	Berekn. grunnlag	Kap. krav%	Kap. krav	Berekn. grunnlag	Kap. krav%	Kap. krav
Stater	-	8%	-	-	8%	-
Lokale og regionale myndigheter	6 030	8%	482	4 000	8%	320
Institusjonar (bank / finans)	81 636	8%	6 531	108 446	8%	8 676
Foretak	88 067	8%	7 045	100 630	8%	8 050
Massemarked	136	8%	11	101	8%	8
Pant i eigedom	2 250 415	8%	180 033	2 256 675	8%	180 534
Mislegheldne/tapsmerka engasjement	26 209	8%	2 097	47 520	8%	3 801
Høgrisikoengasjement	-	8%	-	-	8%	-
Obligasjonar med fortrinnsrett	5 097	8%	408	6 056	8%	485
Andelar i verdipapirfond	-	8%	-	-	8%	-
Eigenkapitalposisjonar	98 770	8%	7 901	74 658	8%	5 973
Andre engasjement	17 661	8%	1 413	13 208	8%	1 057
Sum kredittrisiko	2 574 021	8%	205 921	2 611 294	8%	208 904
+ operasjonell risiko – basismetoden	191 003	8%	15 280	187 217	8%	14 977
- frådrag for ansv. kap. i andre finansinst.	15 647	8%	1 252	13 508	8%	1 081
Sum kapitalkrav etter pilar 1	2 749 377	8%	219 950	2 785 003	8%	222 800
Kapitalbevaringsbuffer (rein kjernekap)	2 749 377	2,5%	68 734	2 785 003	2,5%	69 625
Systemrisikokapital (rein kjernekap)	2 749 377	3,0%	82 482	2 785 003	3,0%	83 550
Motsyklist buffer	2 749 377	2,5%	68 734	2 785 003	2,0%	55 700
Samla lovpålagt kapitalkrav	2 749 377	16,0%	439 900	2 785 003	15,5%	431 675
Rekna kapitalkrav etter ICAAP (pilar 2)	2 749 377	1,9%	53 100	2 785 003		46 200
Samla kapitalkrav Basel 2 (pilar 1 og 2)	2 749 377	17,9%	493 000	2 785 003	17,2%	477 875
Overskot kjernekapital			252 431			224 506

Kapitaldekning morbank	27,14%	25,25%
Kapitaldekning konsernet Voss Sparebank	27,17%	25,21%
Kapitaldekning konsern inkl Verd / Brage :		
- Kapitaldekning	25,72%	23,91%
- Kjernekapitaldekning	25,49%	23,78%
- Rein kjernekapitaldekning	25,32%	23,67%
Uvekta kjernekapitalandel morbank	15,35%	15,21%
Uvekta kjernekapitalandel inkl Verd/Brage	14,41%	14,37%

1) Motsyklist kapitalbuffer er auka frå 2,0% til 2,5% med verknad frå og med 31.12.2019.

7 Likviditetsforhold

Morbank

7a Finansiell risiko

Finansiell risiko er riskoen for at banken ikkje kan gjera opp for skyldnaden sin / ansvaret sitt i rett tid. Utanom det som står i rekneskapen, er det dei trekkråmene som banken har i Noregs Bank, og Noregs Bank sin generelle likviditetspolitikk som er sentrale faktorar.

Voss Sparebank har ikkje trekt på trekkråmene i Norges Bank gjennom året.

Innskotsdekninga i banken sin balanse var 89,0% ved utgangen av 2019, mot 89,4% ved utgangen av 2018.

Innskot i prosent av samla utlån i banken og overført til Verd Boligkreditt var pr 31.12.2019 84,8%, mot 84,4% same tid i fjor.

Summen av innskot og eigenkapital utgjorde på same tidspunkt 107,3% av brutto utlån mot 107,8% i 2018.

Innskot og eigenkapital i høve utlån inkludert Verd Boligkreditt var pr 31.12.2019 på 102,2%, mot 101,7% same tid i fjor.

LCR var ved årsskiftet 258, mot 235 i 2018. Likviditetssituasjonen er god.

7b Rest nedbetalingstid for hovudpostar

Postar i balansen	Sum	Utan	Opp til	1 - 3	3 - 6	6 - 12	1 - 3	3 - 5	5 - 10	Over
		løpetid		1 mnd	mnd	mnd	år	år	år	10 år
Eigneluter										
Kontantar og krav på sentralbanken	83 957	15 210	68 747							
Utlån til og krav på kreditinstitusjonar	350 721	308 299	27 053	1 500	4 000	5 500	4 369			
Utlån til og krav på kundar	4 124 384	263 695		31	6 440	9 370	4 737	51 146	89 946	319 183
Obligasjonar og sertifikat	134 779			49 945	19 988	20 000	39 650			5 196
Aksjar og eigenkapitalbevis	98 754	98 754								
Andre eigneluter	10 145	2 541	7 254				350			
SUM eigneluter	4 802 740	688 499	103 085	57 885	33 358	30 237	95 515	89 946	324 379	3 379 836
Av dette utanlands valuta		785								

Gjeld og eigenkapital						
Gjeld til kreditinstitusjonar 1)	101 025		1 025	50 000		50 000
Innskot frå / gjeld til kundar	3 709 351		3 022 740	537 359		149 252
Sertifikat/obligasjonslån 1)	200 000			100 000		100 000
Anna gjeld	30 228	6 359	811	2 661	9 869	10 528
Eigenkapital	762 136	762 136				
Sum gjeld og eigenkapital	4 802 740	768 495	3 024 576	690 020	9 869	209 780
						100 000

- 1) Banken har to lån i Kreditforeningen for Sparebanker, kvar på 50 mill. Desse har forfall februar 2020 og september 2020. Vidare har banken utsteda eit senior obligasjonslån på 100 mill med forfall november 2021.

7c Renterisiko

Renterisiko kan oppstå i samband med banken si utlåns- og innskotsverksemد i tilknyting til aktivitetar i den norske penge- og kapitalmarknaden. Renterisikoen er eit resultat av at rentebindingstida for banken si eignelut- og gjeldsside (i og utanfor balansen) ikkje er samanfallande.

Banken sitt volum av fastrenteinnskot utgjer om lag 149 mill kroner i fastrenteavtalar på 12 månadar.

Ved årsskiftet hadde banken 136,0 mill. kr i fastrentelån til kundar. (3,3 % av brutto utlån).

Fastrentelåna er ikkje rentesikra. Snittrenta på fastrentelåna er 3,74%.

Renterisiko i portefølja ved 1,0 %-poeng renteendring er 6,0 mill kroner.

Banken har ikkje vore inne i tradingaktivitetar eller andre aktivitetar utanom balansen.

Rentene vert endra når det skjer endringar i det generelle rentenivået.

7d Tabell for avtalte renteendringar

Postar i balansen	SUM	Utan renteb.	inntil 1 mnd	1 - 3 mnd.	3 - 12 mnd.	1 - 5 år	Over 5 år
Eigneluter							
Kontantar og krav på sentralbanken	83 957	15 210	68 747				
Utlån til og krav på finansinstitusjonar	350 721	-	308 299	28 553	1 500		
Utlån til og krav på kundar	4 124 383	-43 075	-	4 095 171	18 077	66 579	
Obligasjonar og sertifikat	134 779			49 945	39 988	39 650	5 196
Plasseringar i rentefond	-	-					
Aksjar og eingekapitalbevis	98 754	98 754					
Andre eignelutar	10 146	10 146					
SUM eigneluter	4 802 740	81 035	377 046	4 173 669	59 565	106 229	5 196
Av dette utanlandsk valuta	785						
Gjeld og eigenkapital							
Gjeld til kreditinstitusjonar 1)	101 025		1 025	50 000	50 000		
Innskot frå, og gjeld til kundar	3 709 351			3 560 099	149 252		
Sertifikat/obligasjonslån 1)	200 000			100 000		100 000	
Anna gjeld	30 228	30 228					
Eigenkapital	762 136	762 136					
SUM gjeld og eigenkapital	4 802 740	792 364	1 025	3 710 099	199 252	100 000	

- 1) Dei einskilde plasseringane i obligasjonsbehaldninga er knytte opp mot 3 månaders NIBOR, og renterisikoen på denne delen er maksimalt 3 månader. Risikopåslaget på NIBOR-renta er faste i heile løpetida til låna.
 Det same gjeld innlån frå Kreditforeningen for Sparebankar og banken sitt senior obligasjonslån (sjå note 7b).

7e Valutarisiko

Voss Sparebank har berre ein liten del av eignelutane i utanlandsk valuta (0,8 mill i kontantbehaldning), og ingen postar på gjeld og eigenkapital. Valutarisikoen blir vurdert som ubetydeleg.

8 Opplysningar vedkomande tilsette og tillitsvalde

8a Tilsette og tillitsvalde

	2019	2018	I heile tusen	2019	2018
Tal årsverk pr. 31.12	27,0	27,0	Løn og anna godtgjersle til:		
Gjennomsnittleg årsverk	26,2	25,6	Banksjef :		
Tal tilsette 31.12.	27	27	Løn inkl naturalytingar	1 522	1 434
Av desse			Pensjonspremie	419	398
15 kvinner			Sum løn leiargruppa u/ banksjef		
12 menn			(5 tilsette, 5,0 årsverk)	4 014	3 532
			Styreleiar	103	99
			Andre styremedlemer	615	515
			Leiar Generalforsamling	25	14
			Andre medlemer Generalforsamling	20	22
			Risikoutval	33	32
			Valnemd	81	40

Banksjefen har innskotspensjon på line med dei andre tilsette. Det er gjort tilleggsavtale om pensjonsalder på 65 år. Banksjefen tek ikkje del i bonusordninga som gjeld for dei tilsette, og har berre fast godtgjersle.

Godtgjersle til revisor <i>(I heile tusen kroner eks MVA)</i>	2019		2018	
	Morbak	Konsern	Morbak	Konsern
Lovpålagd revisjon	321	333	269	281
Andre attestasjonstenester	45	45	15	15
Andre tenester	54	66	48	60
SUM	420	444	332	356

8b Lån og garantiar - tillitsvalde og tilsette

<i>(Heile tusen kroner)</i>	2019		2018	
	Sum	innfriing år	Sum	innfriing år
Tilsette	56 500	-	54 162	-
Banksjef	2 370	-	2 513	-
Medlemar i styret	7 267	-	15 967	-
Medlemer generalforsamling	6 772	-	4 851	-

Banksjefen og tilsette har tilbod om lån på vilkår fastsett som funksjonærlån.

Rentesubsidiar til tilsette og pensjonistar utgjorde kr 87.590,- i 2019 mot kr 220.943,- i 2018.

Summen er førd som renteinntekt i banken sin rekneskap og var skattepliktig inntekt for dei tilsette.

Dei tillitsvalde får lån til vanlege vilkår i banken.

8c Pensjonsansvar

Banken er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har etablert pensjonsordning som tilfredsstiller krava i lova.

Frå 1. februar i 2011 vart den kollektive ytингspensjonen lukka og frå 1.1.2015 gjekk alle tilsette, med unntak av ein tilsett i delvis langtidssjukefråvere og i tillegg dåværande banksjef, over til innskotspensjon med maksimale satsar: 7,0 % mellom 0-7,1G og 25,1 % mellom 7,1-12G. Utrekna framtidig tap ved å gå over frå ytings- til innskotsbasert pensjon, vert kompensert i skattepliktig løn.

Pensjonskostnadane for året omfattar innskotspensjon, ny AFP og avsetjing pensjon banksjef.

PENSJONSKOSTNADER:

	2019	2018
Innskotspensjon	1 425	1 378
Avsett pensjon banksjef (innskotspensjon)	243	228
Ny AFP	274	178
Endring i pensjonsskuld o.l.	-1 000	-1 000
= Sum pensjonskostnad	942	784

PENSJONSSKULDING:

	2019	2018
	Sikra	Usikra
	Sikra	Usikra
Avsett pensjonsskulding	-	-1 096
= Balanseført pensjonsansvar	-	-1 096

9 Diverse andre tilleggsopplysningar

9a Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både betalbar skatt i perioden og endring i utsett skatt(efordel). Utsett skatt / skattefordel er rekna med 25% (22% for konsernselskap) på grunnlag av dei midlertidige skilnadane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret.

	Morbank	Konsern		
	2019	2018	2019	2018
Skattar				
Resultat før skattekostnad	65 521	54 609	65 517	54 641
Permanente skilnadar :				
Nettoresultat datterselskap	13	30	0	0
Inntekt ikkje skattepliktig – Aksjeverdinst o.l.	-5 565	-5 185	-5 565	-5 185
Kostnadar utan rett til frådrag	230	265	230	265
Sum permanente skilnader	-5 322	-4 890	-5 335	-4 920
Mellombelse skilnader :				
Endring driftsmidlar, pensjon, vinst- og tapskonto	-280	-520	-263	-522
SKATTEGRUNNLAG (ALMINNELEG INNTEKT)	59 919	49 199	59 919	49 199
Betalbar skatt, 25 % av alminneleg inntekt	14 980	12 300	14 980	12 300
Formuesskatt	1 200	1 070	1 200	1 070
Betalbar skatt	16 180	13 370	16 180	13 370
Betalbar skatt på gjeve konsernbidrag	0	0	0	0
Betalbar skatt i balansen	16 180	13 370	16 180	13 370
Avsett for mykje tidlegare år	152	-60	152	-60
Endring utsett skatt/utsett skattefordel	70	130	66	162
Skattekostnad i resultatrekneskapen	16 402	13 440	16 398	13 472
Utsett skatt (utsett skattefordel)				
Vinst- og tapskonto	3 200	4 000	3 804	4 755
Overfinansiering, pensjon	0	0	0	0
Sum positive skilnader	3 200	4 000	3 804	4 755
Varige driftsmidlar	-1 047	-1 050	-4 705	-4 852
Pensjonsansvar, andre avsetjingar	-3 553	-4 630	-3 717	-4 784
Nedskrivning finansielle instrument	0	0	0	0
Sum negative skilnader	-4 600	-5 680	-8 422	-9 636
Netto midlertidige skilnader	-1 400	-1 680	-4 618	-4 881
Netto utsett skatt (skattefordel) (25% / 22%)	-350	-420	-1 058	-1 124

9b Anna gjeld

	2019	2018
Skattegjeld	16 180	13 370
Bankremisser / Advisert giro	1 098	1 134
Interimskonti	811	2 081
Konsernbidrag siste år	-	-
Andre kreditorar	5 262	3 594
Morbank	23 351	20 179
Konsern	23 351	20 179

Det er ikke særskilde vilkår knytt til gjeldspostane i balansen.

Banken har ikke gjeld i valuta.

9c Gjennomsnittleg effektiv rente

Gjeldspostar :	2019	2018
Gjeld til kreditinstitusjonar	2,27%	1,85%
Innskot frå kundar u/ avtalt bindingstid	0,62%	0,47%
Innskot frå kundar m/ avtalt bindingstid	2,05%	1,73%
Sertifikatlån	1,60%	1,32%
Obligasjonslån	2,08%	- 1,79%
Gjennomsnittleg effektiv rente	1,00%	0,86%

Gjennomsnittsaldo månadleg.

Andre gjeldspostar har ikke renteeksponering.

9d Spesifikasjon av provisjonar og gebyr

	2019	2018
Garantiprovisjon	855	894
Betalingsformidling	5 972	4 634
Provisjon forsikring	3 269	3 544
Provisjon Verd Boligkredit	415	218
Anna drift	1 832	1 531
Sum andre provisjonar og gebyr	12 343	10 821

9e Vinst/tap Anlegg

Det er ikke bokført vinst eller tap ved realisasjon av anleggsmidlar i 2019.

9f Resultat i høve rådveldekapital

	2019	2018
Rådveldekapital, middelverdi	4 645 833	4 357 433
Resultat etter skatt	49 119	41 169
Resultat etter skatt i prosent av rådveldekapital	1,06%	0,95%

9g Postar utanom balansen

Garantiar, sjå note 2.

Eigneluter stilt som trygd :

Ihendehavarobligasjoner stilt som trygd for D-lån i Noregs Bank : 50,0 mill bokførd verdi.

Banken har ikke nytta D-lån i rekneskapsåret.

Banken er medeigar i Verd Boligkredit AS, og har ført over lån pålydande 207,3 mill kroner.

Dette kjem i tillegg til den balanseførde verdien av utlån til kundar.

Voss Sparebank

Offentliggjering av opplysningar om ansvarleg kapital pr 31.12.2019
 Transitional own funds disclosure template

Tal i heile tusen kroner / amount in 1.000 NOK		(A)	(B)	(C)
Rein kjernekapital : Instrument og opptent kapital		Beløp på dato for offentliggjering	Referansar til artiklar i forordninga (CRR)	Beløp omfatta av overgangsreglar
(Common Equity Tier 1 capital (instruments and reserves)	Amount at disclosure date	Regulation (EU) No 575/2013 article reference	Amounts subject to pre- regulation (EU) NO 575/2013 Treatment or prescribed residual amount of regulation (EU) NO 575/2013	
2 Opptent eigenkapital i form av tidligare års tilbakeheldne resultat	762 136	26 (1) (C)		
6 Rein kjernekapital før regulatoriske justeringar	762 136			
8 Immaterielle eignelutar redusert med utsett skatt	-	36 (1) (b) og 37		
18 Direkte behaldning av rein kjernekapital i andre selskap innan finansiell sektor	- 15 647	36 (1) (i), 43, 45, 47, 48 (1) (b), 49 (1) til (3) og 79		
28 Sum regulatoriske justeringar i ren kjernekapital	-15 647			
29 Rein kjernekapital	746 489			
45 Kjernekapital	746 489			
59 Ansvarleg kapital	746 489			
60 Berekningsgrunnlag	2 749 377			
61 Rein kjernekapitaldekkning	27,14%			
62 Kjernekapitaldekkning	27,14%	92 (2) (b)		
63 Kapitaldekkning	27,14%	92 (2) (c)		
64 Kombinert bufferkrav som prosent av berekningsgrunnlaget	8,00%	CRD 128, 129, 130, 131 og 133		
65 Av dette : kapitalbevaringsbuffer	2,50%			
66 Av dette : motsyklisk buffer	2,50%			
67 Av dette : systemrisikobuffer	3,00%			
68 Rein kjernekapital tilgjengeleg for oppfylling av bufferkrav	19,14%	CRD 128		
72 Behaldning av ansvarleg kapital i andre selskap i finansiell sektor der institusjonen har ei ikkje vesentleg investering, og som samla er under grensa på 10 %.	76 260	36 (1) (h), 45, 46, 472 (10), 56 (c), 59, 60, 66 (c), 69 og 70		
75 Utsett skattefordel	350	36 (1) (c), 38 og 48		

Eigarstyring og leiing av banken

Vedtekter

Voss Sparebank sitt føremål er fastsett i vedtekten. Banken er ikkje aksjebank og har ikkje utferda eigenkapitalbevis. Innanfor gjeldande lover skal banken utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at banken gjer.

Visjon, strategi og verdiar

Voss Sparebank skal vera det naturlege fyrstevalet innan bank og banktenester på Voss. Banken skal levera gode kundeopplevelingar og ha konkurransedyktig vilkår på sine produkt og tenester, til det beste for kundane og Vossbygda. Styret har ein årleg strategiprosess, der overordna mål og strategiske val vert fastsette. På grunnlag av dei vert det utarbeidd budsjett og handlingsplanar. Dei tilsette har delteke aktivt med å utarbeida den strategiske plattforma til banken.

Dei sentrale organa i Voss Sparebank er generalforsamlinga og styret.

Generalforsamlinga er banken sitt øvste styringsorgan og er sett saman av tre grupper. Ni medlemmar er valde av kundane, tre er valde av kommunen og fire er valde av dei tilsette. Generalforsamlinga ser til at sparebanken verkar etter føremålet sitt i samsvar med lover, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak. Generalforsamlinga vel styre, valnemnd og revisor. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen og godkjenner gåver til ålmennytige tiltak, vedtek godtgjersle til dei tillitsvalde og pensjonsavtale for dei tilsette. Opprettning eller nedlegging av filialar utanfor kommunen og opptak av ansvarleg lånekapital, er også lagt til generalforsamlinga. Etter framlegg frå valnemnda vel generalforsamlinga medlemer til styret.

Styret har seks medlemmar. Ein medlem og ein vara-medlem skal veljast mellom dei tilsette. Banksjefen er ikkje medlem av styret, men har plikt og rett til å vera til stades i styremøta. Styret står ansvarleg for verksemda i samsvar med lover, vedtekter og nærrare føringer av generalforsamlinga. Styret har ansvaret for at dei midlane sparebanken rår over vert forvalta på trygg og føremålstenleg måte og skal syta for tilfredsstilande organisering av

verksemda. Styret tilset banksjef og fastset instruks for han. Styret skal sjå til at banken har god internkontroll for å oppfylla dei krava som gjeld for verksemda. Inn under dette kjem òg verdigrunnlag og etiske retningslinjer.

Styret har valt to av medlemane til risikoutval som førebuande utval for styret i samband med risikotoleranse og risikostrategi, vurdering av kvartalsvise risikorapportar og årleg ICAAP-rapport. Heile styret fungerer som revisjonsutval.

I 2019 har styret hatt 12 møter. Styret har innført rutinar for evaluering eige arbeid og kompetanse.

Valnemnda i banken førebur både valet på kunderepresentantar til generalforsamlinga og val på representantar til styret og valnemnd.

Revisor utfører oppgåvene sine i samsvar med gjeldande regelverk og god revisjonsskikk. Revisor gjev merknader og meldingar til styret og til generalforsamlinga. Revisor har minst eitt årleg møte med styret om sentrale tema som rekneskap, rapportering og det interne kontroll-arbeidet i banken.

Banksjefen har resultatansvaret for verksemda, og har den daglege leiinga av verksemda i samsvar med gjeldande lover og vedtekter og retningslinjer som generalforsamlinga og styret gjev. Banksjefen førebur styresakene og har fullmakt til å avgjera alle vanlege bank-forretningar.

Rapport om bærekraft, klima, samfunnsansvar og etiske retningslinjer er utarbeidde av styret, og vert årleg gjennomgått av dei tilsette. Styret legg stor vekt på at all bankverksemnd skal utøvast med stor vekt på etikk og godt samfunnsansvar.

Informasjon og kommunikasjon

På www.vossabanken.no vert det publisert finansiell og annan relevant informasjon til kundane og andre interesserte. Her finn ein også retningslinjene til banken om etikk og samfunnsansvar.

Voss, 27.februar 2020

Stadfesting frå styret og banksjef

Me stadfestar at:

Voss Sparebank sin årsrekneskap for 2019 etter beste vitande og vilje er utarbeidd etter gjeldande rekneskapsstandard, og at informasjonen i rapporten syner eit rettvisande bilet av banken sine eignelutar, gjeld, resultat og finansielle situasjon.

At årsmeldinga frå styret syner eit rettvisande bilet av banken si utvikling og vurdering av risikosituasjonen innan dei mest sentrale risiko-områda.


Steinar Hjørnevik
- Styreleiar -


Tor Ivar Johnsson


Trude Storheim


Helene Stråteit


Gunn Irene
Hommedal Kvitne


Rolf Haukås
- Tilsett -


Jørund Rong
- Banksjef -



RSM

RSM Norge AS

Til generalforsamlinga i Voss Sparebank

Strandavegen 11, 5705 Voss
Boks 136, 5701 Voss
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00
F +47 56 52 04 01

Melding frå uavhengig revisor

www.rsmnorge.no

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Me har revidert Voss Sparebank sin årsrekneskap som viser eit overskot for selskapsrekneskapen og konsernrekneskapen på TNOK 49 119. Årsrekneskapen er samansett av selskapsrekneskap og konsernrekneskap, som både er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er den vedlagte årsrekneskapen utarbeidd i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilet av banken og konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2019 og av resultatet og kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoene i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Me er uavhengige av banken og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og me attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap me har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande innehold vesentleg feilinformasjon.

Dersom me konkluderer med at den ytterlegare informasjonen innehold vesentleg feilinformasjon er me pålagde å rapportere det. Me har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og adm. banksjef sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og adm. banksjef (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje innehold vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta, og å gi ei revisjonsmelding som inneholder konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver me profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår me risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskjuta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider me oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av banken og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer me om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningane som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer me, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsettjing av årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må me i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoene for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at banken og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer me den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.
- innhentar me tilstrekkeleg og føremålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei mening om den konsoliderte årsrekneskapen. Me er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Me åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Me kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Me utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som me har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle vesentlege svakheiter i den interne kontrollen.

Me gir styret ei melding om at me har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at me har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkast å kunne påverke uavhengigheit vår, og der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiinga om samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av banken og konsernet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 27. februar 2020

RSM Norge AS



Harald Bjotveit
Statsautorisert revisor